



**Fjord**  
kommune




foto: Kristi Linge Stakkestad

# ÅRSRAPPORT 2022

<b>Innleiing</b> .....	3
<b>1. Økonomisk handleevne over tid</b> .....	4
<b>1.1 Driftsrekneskapen</b> .....	5
<b>1.2 Investeringsrekneskapen</b> .....	6
<b>1.3 Finansielle måltal</b> .....	7
<b>1.3.1 Netto driftsresultat</b> .....	7
<b>1.3.2 Disposisjonsfond</b> .....	8
<b>1.3.3 Gjeldsgrad</b> .....	8
<b>2 Vesentlege avvik</b> .....	9
<b>2.1 Avvik DRIFT</b> .....	9
<b>2.2 Avvik INVESTERING</b> .....	14
<b>3 Måloppnåing / Ikkje-økonomiske forhold</b> .....	15
<b>3.1 Utvikling av tenester</b> .....	15
<b>3.2 Andre forhold</b> .....	18
<b>3.2.1 Covid 19</b> .....	18
<b>3.2.2 Prosjekt HelseSamArbeid</b> .....	18
<b>3.2.3 Sjukefråvær</b> .....	19
<b>4 Tiltak for å sikre høg etisk standard</b> .....	19
<b>4.1 Internkontroll – generelt/overordna</b> .....	19
<b>4.1.2 Aktivitetar</b> .....	20
<b>4.1.3 Effekt og resultat</b> .....	20
<b>4.1.4 Statlege tilsyn</b> .....	20
<b>5 Likestilling</b> .....	21
<b>6 Aktivitetsplikt etter Likestillings- og diskrimineringsloven § 26</b> .....	21
<b>DEL 2 ÅRSRAPPORT</b> .....	22
<b>7 ORGANISERING AV FJORD KOMMUNE</b> .....	22
<b>7.1 Politisk organisering</b> .....	22
<b>7.1.1 Kontrollutvalet</b> .....	22
<b>7.1.2 Ungdomsrådet</b> .....	23
<b>7.2 Administrativ organisering</b> .....	24
<b>7.3 Organisasjon og medarbeidarar</b> .....	25
<b>7.3.1 Årsverkstabell</b> .....	25
<b>7.3.2 Tilsette</b> .....	26
<b>7.3.4 Lærlingar</b> .....	28
<b>8 HOVUDUTFORDRINGAR OG MULEGHEITER FRAMOVER</b> .....	29

<b>9</b>	<b>SENTRALADMINISTRASJON / STAB</b> .....	30
9.1	<b>Stab</b> .....	30
9.2	<b>Beredskap, digitalisering og informasjon</b> .....	32
<b>10</b>	<b>OPPVEKST OG KULTUR</b> .....	33
10.1	<b>Stordal barnehage</b> .....	35
10.2	<b>Syltebøen barnehage</b> .....	37
10.3	<b>Dalsbygda barnehage</b> .....	39
10.4	<b>Stordal skule / SFO</b> .....	41
10.5	<b>Valldal skule/SFO</b> .....	44
10.6	<b>Fjord vaksenopplæring</b> .....	46
10.7	<b>Eidsdal skule / SFO</b> .....	46
10.8	<b>Kulturskulen</b> .....	48
10.9	<b>Biblioteka</b> .....	50
10.10	<b>Ungdomsarbeid/Ungdomsklubbane</b> .....	50
10.12	<b>Frivilligsentralane</b> .....	51
10.13	<b>Folkehelsearbeid</b> .....	53
10.14	<b>Martin Linge-huset</b> .....	54
10.15	<b>Stordalshallen</b> .....	55
<b>11</b>	<b>NÆRING</b> .....	56
11.1	<b>Vekst i Fjord</b> .....	57
11.2	<b>Fjordhagen AS</b> .....	58
11.2.1	<b>Nyetableringar og vekst/nyskaping i eksisterande næringsliv</b> .....	58
11.2.2	<b>Grunnarbeid for næringsutvikling</b> .....	58
11.2.3	<b>Vertskapsfunksjon og elektronisk turistinformasjon</b> .....	59
11.3	<b>Næringsfondet</b> .....	59
<b>12</b>	<b>HELSE, OMSORG OG VELFERD</b> .....	61
12.1	<b>Helseavdelinga</b> .....	62
12.3	<b>Pleie og omsorg Stordal</b> .....	63
12.4	<b>Pleie og omsorg Valldal - Eidsdal</b> .....	64
12.5	<b>Habilitering</b> .....	66
<b>13</b>	<b>TEKNISK, LANDBRUK OG MILJØ</b> .....	68
13.1	<b>Bygg og kommunalteknikk</b> .....	69
13.2	<b>Plan og miljø</b> .....	70
13.3	<b>Brann og redning</b> .....	71
13.4	<b>Reinhald</b> .....	72
<b>14</b>	<b>KONGEBESØK</b> .....	73

## Innleiing

Fjord kommune si årsmelding for 2022 er utarbeidd i samsvar med kommunelova og inneheld omtale av kommunen si samla verksemd gjennom året. Innhaldet i årsmeldinga er heimla i Kommuneloven § 14-7, der det m.a. står at -

Kommuner skal utarbeide ei årsmelding for kommunen si samla verksemd. Det skal også utarbeidast eiga årsmelding for kvart kommunalt foretak.

Årsmeldinga skal gjere greie for

1. forhold som er viktige for å klargjere den økonomiske utviklinga og stillinga, og om den økonomiske utviklinga og stillinga ivaretek den økonomiske handleevna over tid
2. vesentlege beløpsmessige avvik mellom årsbudsjett og årsrekneskap, og vesentlege avvik frå kommunestyret sine premiss for bruk av løyvingane
3. verksemda si måloppnåing og andre ikkje-økonomiske forhold som er av vesentleg betydning for kommunen eller innbyggjarane
4. tiltak som er iverksett og tiltak som vert planlagt iverksett for å sikre ein høg etisk standard
5. den faktiske tilstanden når det gjeld likestilling mellom kjønna
6. kva kommunen gjer for å oppfylle arbeidsgivar si aktivitetsplikt etter likestillings- og diskrimineringslova § 26.

Punkt 1-6 ovanfor er nærare kommentert utover i årsmeldinga. Punkt 1 «Forhold som er viktig for å bedømme den økonomiske utviklinga» er kommentert under kapittel 1 osv.

## 1. Økonomisk handleevne over tid

I Kommuneleva er den langsiktige tankegangen viktig . Det er fleire paragrafar som omhandlar dette tema, og kort oppsummert heiter det i KL §14-1 at “kommuner skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevna blir ivaretatt over tid”.

I følge KL § 14-2 skal “kommuner velge finansielle måltall for utvikling av kommunens økonomi”.

Økonomiske berekraft har fått auka fokus i ny kommunelov, og skal vi kunne oppretthalde eit godt tenestetilbod til innbyggjarane i framtida er vi heilt avhengig av at økonomien i kommunen er berekraftig.

Denne delen av årsmeldinga inneheld hovudtalsanalyser med nøkkeltal for status og stilling for kommunen sett under eitt. Det vert gitt meir detaljerte/utfyllande analyser for einingane i årsrapporten, og der vert også dei rekneskapsmessige sidene og sektorspesifikke nøkkeltal gjennomgått.

## 1.1 Driftsrekneskapen

Økonomisk oversikt - drift		Rekneskap 2022	Revidet budsjett 2022	Opprinneleg budsjett 2022	Rekneskap 2021
1	Rammetilskot	- 142 342 197	- 137 498 000	- 137 143 000	- 140 173 821
2	Inntekts- og formuesskatt	- 70 769 201	- 77 827 000	- 74 271 000	- 67 723 824
3	Eigedomskatt	- 14 448 738	- 14 448 738	- 15 056 000	- 16 945 501
4	Andre skatteinntekter	- 13 176 612	-	-	- 13 010 079
5	Andre overføringer og tilskot frå staten	- 15 136 424	- 11 092 360	- 10 892 360	- 8 535 042
6	Overføringer og tilskot frå andre	- 58 078 629	- 44 486 796	- 42 476 796	- 45 202 640
7	Brukarbetalingar	- 13 133 410	- 12 060 000	- 12 060 000	- 11 460 900
8	Sals- og leigeinntekter	- 52 126 212	- 44 988 566	- 44 988 566	- 38 340 937
<b>9</b>	<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>- 379 211 423</b>	<b>- 342 401 460</b>	<b>- 336 887 722</b>	<b>- 341 392 744</b>
10	Lønnsutgifter	200 463 210	189 928 757	189 668 757	190 651 422
11	Sosiale utgifter	42 067 850	44 427 926	44 427 926	41 666 202
12	Kjøp av varer og tenester	103 456 506	69 906 846	66 723 108	69 757 490
13	Overføringer og tilskot til andre	28 960 660	19 322 943	19 322 943	28 604 667
14	Avskrivningar	24 386 271	24 500 000	24 500 000	24 028 108
<b>15</b>	<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>399 334 497</b>	<b>348 086 472</b>	<b>344 642 734</b>	<b>354 707 889</b>
<b>16</b>	<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>20 123 074</b>	<b>5 685 012</b>	<b>7 755 012</b>	<b>13 315 145</b>
17	Renteinntekter	- 2 337 991	- 910 000	- 910 000	- 1 189 042
18	Utbytter	- 5 259 550	- 3 730 000	- 2 800 000	- 1 708 942
19	Gevinstar og tap på finansielle omløpsmidlar	108 052	- 910 000	- 910 000	- 1 656 720
20	Renteutgifter	10 340 173	10 400 000	7 400 000	5 413 696
21	Avdrag på lån	16 710 614	16 000 000	16 000 000	16 685 141
<b>22</b>	<b>Netto finansutgifter</b>	<b>19 561 298</b>	<b>20 850 000</b>	<b>18 780 000</b>	<b>17 544 132</b>
23	Motpost avskrivningar	- 24 386 271	- 24 500 000	- 24 500 000	- 24 028 108
<b>24</b>	<b>Netto driftsresultat</b>	<b>15 298 101</b>	<b>2 035 012</b>	<b>2 035 012</b>	<b>6 831 169</b>
25	Overføring til investering	-	-	-	285 000
26	Avsetting til bundne driftsfond	4 646 211	477 000	477 000	8 213 416
27	Bruk av bundne driftsfond	- 13 149 115	- 4 492 815	- 4 492 815	- 8 692 842
28	Avsetting til disposisjonsfond	-	1 980 803	1 980 803	268 206
29	Bruk av disposisjonsfond	-	-	-	- 2 932 307
30	Dekning av tidlegare års meirforbruk	-	-	-	-
<b>31</b>	<b>Sum disponering eller dekning av netto driftsresultat</b>	<b>- 8 502 904</b>	<b>- 2 035 012</b>	<b>- 2 035 012</b>	<b>- 2 858 527</b>
<b>32</b>	<b>Framført til inndekn i seinare år (meirforbruk)</b>	<b>6 795 197</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>3 972 642</b>

Fjord kommune sitt driftsrekneskap for 2022 viser eit meirforbruk på kr 6.795.197 som utgjer 1,79 % av brutto driftsinntekter. I 2021 var det også meirforbruk, kr 3.972.642. Oppsamla meirforbruk for 2021 og 2022 er kr 10.767.839. Dette utgjer 2,84 % av brutto driftsinntekter i 2022. Iflg Kommuneloven § 28-1, skal kommunar med eit større, oppsamla meirforbruk enn 3 % meldast inn i ROBEK registeret.

Fjord kommune ligg altså under grensa for innmelding i ROBEK, men det er små marginar. Dette gjev store utfordningar for komande års drift; både å få balanse i drifta og dekke inn tidlegare års meirforbruk.

## 1.2 Investeringsrekneskapen

Bevilgningsoversikt - investering	Rekneskap 2022	Revidet budsjett 2022	Opprinneleg budsjett 2022	Rekneskap 2021
1 Investeringar i varige driftsmidlar	50 080 374	89 533 840	75 381 841	27 257 771
2 Tilskot til andre sine investeringar	443 905	400 000	400 000	793 713
3 Investeringar i aksjar og andelar i selskap	922 974	950 000	950 000	2 864 563
4 Utlån av egne midlar	-	-	-	-
5 Avdrag på lån	-	-	-	-
<b>6 Sum investeringsutgifter</b>	<b>51 447 253</b>	<b>90 883 840</b>	<b>76 731 841</b>	<b>30 916 047</b>
7 Kompensasjon for meirverdiavgift	- 8 616 494	- 15 713 286	- 12 702 886	- 3 728 687
8 Tilskot frå andre	- 10 414 405	- 2 681 000	- 2 000 000	- 795 329
9 Sal av varige driftsmidlar	- 261 100	-	-	- 3 090 782
10 Sal av finansielle anleggsmidlar	- 4 563	-	-	- 812 168
11 Utdeling fra selskaper	-	-	-	-
12 Mottatte avdrag på utlån av egne midlar	- 852 750	-	-	-
13 Bruk av lån	- 27 370 586	- 68 068 454	- 57 607 855	- 19 040 014
<b>14 Sum investeringsinntekter</b>	<b>- 47 519 898</b>	<b>- 86 462 740</b>	<b>- 72 310 741</b>	<b>- 27 466 979</b>
15 Vidareutlån	9 490 000	7 500 000	7 500 000	14 034 435
16 Bruk av lån til vidareutlån	- 9 490 000	- 7 500 000	- 7 500 000	- 14 034 435
17 Avdrag på lån til vidareutlån	919 867	600 000	600 000	640 115
18 Mottatte avdrag på vidareutlån	- 860 166	- 600 000	- 600 000	- 814 389
<b>19 Netto utgifter vidareutlån</b>	<b>59 701</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>- 174 274</b>
20 Overføring frå drift	-	-	-	- 285 000
21 Avsetting til bundne investeringsfond	270 945	-	-	602 228
22 Bruk av bundne investeringsfond	- 407 401	-	-	- 564 927
23 Avsetting til ubundet investeringsfond	692 750	-	-	812 168
24 Bruk av ubunde investeringsfond	- 4 543 350	- 4 421 100	- 4 421 100	- 3 839 262
25 Dekking av tidlige års udekkede beløp	-	-	-	-
<b>26 Sum overføring frå drift og netto avsetningar</b>	<b>- 3 987 056</b>	<b>- 4 421 100</b>	<b>- 4 421 100</b>	<b>- 3 274 793</b>
27 Framført til inndekking i seinare år (udekkede beløp)	-	-	-	-

Bokførte investeringsutgifter er lågare enn samla budsjett for 2022. Budsjett omfattar både nye vedtekne investeringar og overført investeringar frå 2021. Framdrifta på investeringane har ikkje vore som forventa og ein del av dette vert nærare kommentert under punkt 2 «Vesentlege avvik».

Ubrukte lånemidlar på låneopptak knytt til investeringsutgifter er pr 31.12.22 kr. 36.286.087. Tilsvarande for ubrukne lånemidlar til vidareutlån, kr 7.796.169.

## 1.3 Finansielle måltal

Fjord kommune har vedteke følgjande finansielle måltal med tilhøyrande nivå, og dette skal vere førande for økonomiforvaltninga i kommunen:

- 1. Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter**      **minimum 1,75 %**  
Teknisk beregningsutval (TBU) har gjeve tilråding om at dette målalet bør vere 1,75 % over tid.
- 2. Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter**      **minimum 10 %**
- 3. Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter**      **maksimum 85 %**

### 1.3.1 Netto driftsresultat

Netto driftsresultat slik det kjem fram i «Økonomisk oversikt» vil ikkje gje eit korrekt bilete av kommunen si drift og i kva grad det oppfyller fastsette måltal for resultat. Difor bør dette resultatet korrigerast med postar ført under interne finansieringstransaksjonar. For Fjord kommunen sitt rekneskap 2022 gjeld dette bruk og avsetning bunde fond.

I netto driftsresultat bør det takast omsyn til driftsinntekter ikkje brukt i 2022 og som er øyremerka spesielle føremål. Desse vert sett av til bundne fond. På same måte kan tidlegare års avsetnader til bundne fond finansiere driftsutgifter i årets rekneskap. Dette vil vere bruk av bundne fond og bør difor korrigerast. Døme på bruk/avsetnader til bunde fond er innanfor sjølvkostområdet


<b>Bokført netto driftsresultat 2022</b>	- 15.298.101
Bruk av bundne fond	13.149.115
Avsetnad til bundne fond	- 4.646.211
<b>Korrigert netto driftsresultat 2022</b>	- 6.795.197

Då det i 2022 ikkje er gjort avsetnader eller bruk av disposisjonsfond, overført til investering eller dekkja inn meirforbruk 2021, er det korrigerate netto driftsresultat lik meirforbruk 2022

#### Korrigert netto driftsresultat målt mot brutto driftsinntekter 2022:

**Måltal Fjord kommune**      **Minimum 1,75 %**      **Resultat: - 1,79 %**

Dersom Fjord kommune skulle nå målalet for 2022 måtte netto driftsresultat vere kr 6.636.200; altså ei resultatforbetring på omlag kr 13,4 mill.





### 1.3.2 Disposisjonsfond

I samsvar med ny kommunelov skal kommunen disponere årets meir-/mindreforbruk ved avlegging av rekneskap. Kommunen hadde ikkje disposisjonsfond/ubunde driftsfond pr 1.1.22 til å dekke meirforbruk i 2022. Det vil heller ikkje vere muleg å gjere avsettingar i samsvar med budsjett.

	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Driftsinntekter	329 430 344	325 388 143	332 729 414	335 121 930	341 392 744	379 211 423
Disposisjonsfond	7 087 586	6 655 989	1 904 757	2 664 101	-	-
	2,2 %	2,0 %	0,6 %	0,8 %	0,0 %	0,0 %

#### Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter pr 31.12.22

Måltal Fjord kommune                      Minimum 10 %                      Pr 31.12.22    0 %

### 1.3.3 Gjeldsgrad

Fjord kommune har høg andel lånefinansiering av investeringar, noko som medfører store utgifter til renter og avdrag i driftsrekneskapen. Tabellen nedanfor viser utviklinga i netto lånegjeld dei siste åra. For 2017-19 er Norddal og Stordal kommune summert.

Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter						
	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Brutto driftsinntekter	329 430 344	325 388 143	332 729 414	335 121 930	341 392 744	379 211 423
Netto lånegjeld	398 800 203	393 333 356	394 596 062	367 525 470	370 054 616	381 507 638
%	121,1 %	120,9 %	118,6 %	109,7 %	108,4 %	100,6 %

Netto lånegjeld 2022 er utrekna slik:

Brutto lånegjeld		472 928 502
- Utlån Arena Overøye AS	1 439 903	
- Ansvarleg lån TK	14 250 000	
- Formidlingslån	31 648 705	- 47 338 608
- Ubrukte lånemidlar	36 286 088	
- Ubrukte lånemidl formidlingslån	7 796 169	- 44 082 257
Netto lånegjeld		381 507 638

#### Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter pr 31.12.22

Måltal Fjord kommune                      Maksimum 85 %                      Pr 31.12.22    100,6 %

Gjeldsgraden har gått ned frå 2021 til 2022. Grunnen er i hovudsak auke i ubrukne lånemidlar. I 2022 vart det gjort opplåning for å finansiere investeringar. Då mange av budsjetterte investeringar ikkje vart gjennomført, står ein stor del av innlån som ubrukt. Det er vanskeleg å nå fastsett måltal på kort sikt. Dette må arbeidast med over fleire år, der ein set delmål undervegs.

Fjord kommune held seg innanfor det lovpålagte minimumskravet om betaling av avdrag på lån. For 2022 er minimumsavdrag rekna ut til kr 16.172.490. Det er betalt avdrag, ført i driftsrekneskapen på kr 16.710.614. Sjå også note 10 i rekneskap 2022.

## 2 Vesentlege avvik

Iflg Kommuneleaven §14-7, skal kommunen i si årsmelding gjere greie for «vesentlige beløpsmessige avvik mellom årsbudsjett og årsrekneskapet, og vesentlege avvik fra kommunestyrets eller fylkestingets premisser for bruk av bevilningene».

Fjord kommune sitt budsjett for 2022 er vedteke på ansvarsnivå og då vert også oppfølging og kontroll på dette nivået. Når «vesentlege avvik» skal gjerast greie for, vil ein difor ta utgangspunkt i dette nivået. Budsjett og ev budsjettjusteringar er politisk vedteke og det er ei administrativ oppgåve å følgje opp vedtekne løyvingane.

### 2.1 Avvik DRIFT

Alle einingar og områder har mindre og større avvik i driftsrekneskapen høve til budsjett; dei aller fleste er negative avvik. Kva som er vesentlege avvik er eit vurderingsspørsmål. Det er i denne samanhengen teke utgangspunkt i avvik på kr 0,5 mill eller større

Kommentar nr	Område/eining	Rekneskap 2022	Revidert budsjett 2022	Vesentlege budsjettavvik
	<b>FINANS</b>			
1	Rammetilskot	142 342 197	137 498 000	4 844 197
1	Skatteinntekter	80 488 878	77 827 000	2 661 878
2	Konsesjonskraft	10 121 009	5 320 742	4 800 267
3	Havbruksfondet	4 623 688	3 456 000	1 167 688
4	Finansinntekter	8 425 224	6 550 000	1 875 224
5	Premieavik pensjon	1 867 056	4 870 203	- 3 003 147
	<b>EININGAR</b>			-
6	Stab/fellestenester	13 905 823	12 619 610	- 1 286 213
7	Valldal skule	18 374 419	19 626 704	1 252 285
8	Fjord Legekontor	7 746 072	6 913 590	- 832 482
9	Barnevern	3 865 829	2 940 000	- 925 829
10	Flykningteneste	- 3 273 799	-	3 273 799
11	Heimeteneste Nord	11 338 349	9 655 337	- 1 683 012
12	Habilitering Stordal	10 894 928	9 050 460	- 1 844 468
12	Habilitering Valldal	13 133 562	9 918 680	- 3 214 882
13	Kommunale vegar	7 286 464	4 738 400	- 2 548 064
14	Plan, byggesak, oppm	1 595 816	2 361 564	765 748
15	Landbruk, skog, miljø	797 562	1 614 595	817 033
16	Brannvern	6 243 491	5 396 276	- 847 215
17	Kommunale bygg	15 910 941	14 746 820	- 1 164 121

#### 1. Rammetilskot og skatteinntekter

Rammetilskotet og skatteinntekter er budsjettert med grunnlag frå statsbudsjettet som vart lagt fram i oktober 2021. Tal vert jamnleg oppdatert i KS sin prognosemodell gjennom rekneskapsåret. Tilsvarande kan det verte gjort endringar i budsjettet.

Rammetilskot pr 31.12.2022 (tal i 1.000 kroner)

Innbyggartilskot, utgiftsutjamning, inndelingstilskot, småkommunetillegg, saldering	133 013
Skjønn Covid 19	135
Skjønn Statsforvaltaren	541
Midlar til tiltak Covid 19	2 793
Inntektsutjamning for skatt	14 829
<b>Sum inntektsført rammetilskot 2022</b>	<b>142 342</b>

Skatt på formue og inntekt	80 489
<b>Sum inntekter på skatt og ramme 2022</b>	<b>222 831</b>

Det er motteke kr 2.928.000 i skjønnsmidlar frå Statsforvaltaren med bakgrunn i Covid 19. Dette er ikkje fordelt vidare ut på einingane.

Rammetilskotet og skatteinntektene har totalt eit positivt avvik på kr 7,5 mill i høve til budsjett.

## 2. Konesjonskraft

Denne vart i 2022 seld gjennom ein avtale med Wattn AS ( tidlegare Tafjord Marked AS). Prisen på konesjonskrafta utvikla seg positivt utover året, og særleg siste månadane var det gode inntekter. Totalt for året vart det eit stort positivt avvik i høve til forventa inntekt. Netto inntekt er betydeleg over 2021, men framleis godt under resultatet for 2020

## 3. Havbruksfondet

Utbetaling frå fondet i 2023 gav større utteljing enn forventa. Det er vanskeleg å fastslå storleiken på utbetaling i budsjettarbeidet. Endeleg utbetaling vert avgjort av regjeringa på haustparten

## 4. Finansinntekter

Desse er betydeleg høgare enn budsjett. Grunnen er eit aukande rentenivå som påverka positivt renteinntekt på bankinnskot og ansvarleg lån. I tillegg er det utbetalt ekstra utbytte frå Ørskog Energi AS.

## 5. Premieavvik

Dette er ført på eit fellesansvar og uavhengig av pensjonsinnbetalingar som vert belasta einingane. Samla gjev premieavvik og pensjonsinnbetalingar kommunen sine pensjonskostnader. Desse bør vurderast i samanheng.

	Rekneskap 2022	Revidert budsjett 2022	Avvik
Premieavik pensjon	- 1 867 056	- 4 870 203	- 3 003 147
Arb.gjevares andel KLP drift	18 856 966	22 749 098	3 892 132
Arb.gjevares andel SPK drift	2 817 516	3 771 056	953 540
<b>Resultatførte kostnader pensjon</b>	<b>19 807 426</b>	<b>21 649 951</b>	<b>1 842 525</b>
Arb.gjevares andel KLP investering	175 645		
Arb.takars 2 % andel KLP	2 639 778		
Arb.takars 2 % andel SPK	706 344		
<b>Pensjonskost inkl adm 2022</b>	<b>23 329 193</b>		

Arbeidsgjevars andel er budsjettert og rekneskapsført på einingane for 2022. Dette har eit positivt avvik.

Samla er pensjonskostnader i drifta kr 1,8 mill under budsjett. I 2022 er det brukt av premiefond i KLP til betaling av premie, i alt kr 12,6 mill. Dette redusera bokførte innbetalingar og belastning i form av arbeidsgjevaravgift og endrar premieavviket. Ved budsjettering av pensjon for 2022 var det i stor grad teke omsyn til bruk av premiefond.

Kommunen har gjort alle rekneskapsmessige bokføringar for pensjon i 2022, i samsvar med årsoppgåvene frå KLP og SPK.

#### **6. Stab/fellestenester**

Det er stort negativt avvik på betaling av kontingentar og medlemskap. Det kan verke som det er for lågt budsjettert. På ansvaret er det også lagt inn ein salderingspost på kr 600.000 som ikkje er henta inn. Utover dette er det mindre negative avvik på mange av kontoane på eininga. Dette gjev til saman budsjettavvik på kr 1,286 mill

#### **7. Valldal skule**

Skulen har i 2022 eit mindreforbruk. Personalkostnader er lågare enn budsjett. I tillegg er kompensasjon frå Stranda kommune for elevar frå Liabygda, kr 0,55 mill større enn forventa. Dette er inntekter som ikkje bidreg til særleg store meirkostnader. Det er avvik på ein del postar, men dette er både positive og negative beløp. Totalt gjev det eit mindreforbruk på kr 1,252 mill.

#### **8. Fjord legekontor**

Avvik i høve til budsjett kan i stor grad forklarast med ekstra kostnader i samband med Covid 19. Desse kostnadane utgjer om lag kr 0.9 mill for legekontoret

#### **9. Barnevern**

Det er avtale med Stranda kommune om kjøp av barnvernstenester. Behovet for ulike tiltak er aukande og det er grunnen til meirforbruket

#### **10. Flyktingteneste**

Denne starta opp i 2022 med bakgrunn i mottak av flyktingar frå Ukraina.. Tenesta er finansiert med statleg tilskot. Det var ikkje budsjettert for eininga for 2020, difor viser den eit stort mindreforbruk. Dette skal dekke kostnader på ulike tenester som kommunen yter, t.d. skule, barnehage, helse, men midlar er ikkje fordelt ut på desse einingane.

#### **11. Heimeteneste nord**

Eininga har vanskar med å skaffe nok personale, Det vert brukt store summer til overtidsbetaling og innleige frå vikarbyrå, totalt kr 4,1 mill. Ein del ekstra kostnader, kr 0,35 mill, har si årsak i Covid 19.

#### **12. Bu-/habilitering**

Samla meirforbruk for einingane i Stordal og Valldal er kr 3,5 mill.

Nye brukarar som krev meir ressursar og heildøgsoppfølging, med aukande lønnskostnader. Det er innleige frå eksternt byrå til BPA som er kr 1,0 mill over budsjett. Bortfall av husleigeinntekt for bustader i Valldal utgjer nesten kr 0,5 mill.

Inntekt i form av tilskot til ressurskrevande brukarar er om lag kr 0,8 mill høgare enn budsjett.

Dette er eit område av drifta i Fjord kommune som kan vere vanskeleg å budsjettere p.g.a. endra og nye behov i budsjettåret.

### **13. Kommunale vegar – teknisk drift**

Det er store kostnader til brøyting av kommunale vegar, kr 2,7 mill over budsjett. I 2022 gjekk det ras i Tafjord over kommunal veg som påførte kommunen ekstra kostnader. I tillegg var det flaum- og vasskadar på enkelte av vegane. Kommunen fekk øyremerka tilskot på kr 0,25 mill frå Statsforvaltaren med bakgrunn i ekstrakostnader til vegvedlikehaldet

På andre område av teknisk drift er det samla om lag balanse. Det har vore vakante stillingar som har medført lågare lønnskostnader.

### **14. Plan, byggesak, oppmåling**

Eininga har hatt vakante stillingar og permisjonar som gjev lågare personalkostnader enn budsjettert. Inntekter i form av gebyr er høge, og sjølv om det er brukt mykje konsulenttenester, er det eit mindreforbruk på eininga på kr 0,765 mill

### **15. Landbruk, skog, miljø**

Grunnen til mindreforbruk på eininga er inntekt ved uttak av kommunal skog på Omenos. Sjølv om det også har vore store kostnader til bygging av skogsveg, gjev det eit netto bidrag på om lag kr 0,6 mill i rekneskapet for 2022. Dette var ikkje budsjettert. Prosjektet er ikkje avslutta.

### **16. Brannvern**

Det er særleg personalkostnadane som gjev eit større meirforbruk på eininga. Avviket mot budsjett er på kr 1,43 mill, men det kan verke som budsjettet er for lågt i høve til aktiviteten. Det er inngått avtale med Stranda kommune om branntenester. Denne avtalen gav ei innsparing på kr 0,5 mill i 2022 i høve til tidlegare avtale.

### **17. Kommunale bygg**

Dette omfattar reinhald og drift av alle kommunale bygg, både formålsbygg og utleige. Det er særleg kostnader til lønn, vedlikehald, service og forbruksartiklar til reinhald, som gjev avvik i høve til budsjett. Også internt fakturerte eigedomsgebyr har stort negativt avvik. Straum og varmekostnader er kr 1,2 mill under budsjettert sum. Totalt vert det eit meirforbruk på kr 1,164 mill.

### **Sjølvkosttenester**

Ved etterkalkulasjon av desse for 2022, kom alle ut med eit berekna underskot, med unntak av myndigheitsutøvelse etter forureiningslova. Underskota vert dekkja ved bruk av fond. Overskot vert sett av på fond. Renovasjon og feiing fekk også underskot, men for desse er fond brukt opp og områda er det no akkumulert underskot

### **Covid 19**

I rekneskap 2022 er det utgiftsført kr 3,05 mill relatert til kostnader Covid 19. Dette er kostnader som er belasta dei ulike einingar. Fjord kommune fekk kompensert kr 2,8 mill gjennom ekstra overføring frå Staten og skjønnsmidlar frå Statsforvaltaren. Dette er bokført under rammestilskot.

### **Omstillingstiltak**

I budsjett 2022 er det omstillings og innsparingstiltak, fastsett til kr 12,45 mill. Dette er fordelt på rammeområda og ikkje på einingane. Det er i løpet av året ikkje gjort budsjettjusteringar for å flytte omstillingstiltaka ut på einingane.

I 2022 er det gjennomført omstilling og innsparing med ein berekna økonomisk effekt på kr 6,6 mill.

Det er gjennomført konkrete nedbemanningar og vakante stillingar er ikkje fylt opp. Det er også gjort kostnadsreduksjonar på t.d. kommunale tilskot. Dersom tiltak ikkje hadde vorte gjennomført, ville økonomisk resultat vorte dårlegare.

Ein har ikkje klart å gjennomføre tiltak som har gitt den nødvendige, økonomiske effekt, i og med at Fjord kommune får eit meirforbruk på kr 6,8 mill i 2022. Dersom det vart gjennomført tiltak med føresett effekt, ville likevel Fjord kommune hatt eit meirforbruk på om lag kr 1,0 mill.

## 2.2 Avvik INVESTERING

Tabellen viser investeringsprosjekt 2022 med rest budsjetttramme pr. 31.12.2022.

Investeringsprosjekt 2022	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Rest budsjett 2022	Status
Digitalisering av gml.arkiv	396 354	911 091	514 737	Vidareført
Acos i skya	558 594	437 500	- 121 094	Avslutta
Digitalisering/ IKT felles plattform	750 860	750 000	- 860	Avslutta
Systemutvikling	-	200 000	200 000	Vidareført
Kyrkja	443 905	573 197	129 292	Vidareført
Digitale læremidlar	322 048	395 670	73 623	Vidareført
Biblioteksystem	-	100 000	100 000	Vidareført
Velferdsteknologi	295 826	300 000	4 174	Avslutta
Helseplattforma	674 867	8 700 000	8 025 133	Vidareført
Utstyr pasientvarsling Valldal sjukeheim	1 268 821	-	- 1 268 821	Avslutta
Investering i bilar	378 687	393 000	14 313	Avslutta
Hjellevegen	5 094 350	5 108 867	14 517	Avslutta
Parkering Ytterli,Rønneberg	71 513	270 412	198 900	Vidareført
Vegar/bruer Fjord	941 656	809 609	- 132 047	Avslutta
Veg øvre Dyrkorn	354 980	2 847 807	2 492 827	Vidareført
Griggås, veg og tekn.anlegg	70 064	895 166	825 102	Vidareført
Grunnerverv tidlegare prosjekt	-	155 348	155 348	Vidareført
Rekkverk	265 258	270 759	5 501	Avslutta
Oppgradering/asfaltering vegar	826 924	700 000	- 126 924	Avslutta
Skibru Kvitlane (utb.midlar)	-	2 000 000	2 000 000	Vidareført
Ladeinfrastruktur	431 978	250 000	- 181 978	Avslutta
Planarbeid Muribugen	-	500 000	500 000	Vidareført
Planarbeid Omenås bustadfelt	-	1 150 000	1 150 000	Vidareført
Tettstadutvikling	550 179	- 2 453 209	- 3 003 388	Avslutta
Oppgradering/sikring av leikeplassar	305 253	300 000	- 5 253	Avslutta
Planarbeid sjøareal	749 187	325 718	- 423 469	Vidareført
Kartlegging skredfare Fjord komm.	209 794	881 700	671 906	Vidareført
Arealplan	-	150 000	150 000	Vidareført
Planarbeid Eidsdal sentrum	-	150 000	150 000	Vidareført
Areal industriområder	-	750 000	750 000	Vidareført
Rassikring hyttefelt/bustadomr.	434 792	1 000 000	565 208	Vidareført
Teknisk utstyr brannvern	288 588	-	- 288 588	Avslutta
Redningsbil Eidsdal	-	200 000	200 000	Avslutta
Vassverketbygging Fjord	1 667 762	4 254 668	2 586 906	Vidareført
Avløpsanlegg Fjord	1 102 374	2 591 192	1 488 818	Vidareført
Garderobe/symjehall Stordal skule	1 278 703	1 514 278	235 575	Avslutta
Eidsdal skule oppgradering	97 330	2 999 932	2 902 602	Vidareført
Tiltak radongass Valldal skule	123 493	123 556	63	Avslutta
Oppgradering/utviding Syltebøen bhg	646 586	7 350 000	6 703 414	Vidareført
Dalsbygda barnehage, rassikr/uteomr.	1 726 171	1 655 471	- 70 700	Avslutta
Stordal skule, rehab.	467 923	600 000	132 077	Vidareført
Naudstraumsaggregat skule/hall Stordal	-	500 000	500 000	Avslutta
Stordalsvegen 661 -Sæterhuset	1 865 004	1 850 000	- 15 004	Avslutta
Valldal Fjernvarme,undersentralar	605 063	500 000	- 105 063	Avslutta
Brannstasjon Stordal	23 549 787	34 338 875	10 789 088	Vidareført
Pleie- og omsorgslokaler Valldal	344 147	-	- 344 147	Avslutta
Sagatun, omsorgsbustadar	138 377	740 256	601 879	Avslutta
Helsehus Stordal	72 340	129 178	56 838	Vidareført
Ombygging Simamarka 18	1 154 742	1 163 799	9 057	Avslutta
Elvetun, ombygging	-	200 000	200 000	Vidareført
Frå HRM til fordeling	-	400 000	400 000	Avslutta
<b>SUM</b>	<b>50 524 279</b>	<b>89 933 840</b>	<b>39 409 562</b>	

Investeringar 2022 er på kr 50,52 mill., inkl tilskot til andre sine investeringar. Budsjett 2022 og vidareførte investeringar frå 2021 er på til saman kr 89,93 mill. Dette er eit betydeleg avvik, og det har ikkje lukkast å ha den ønska framdrifta i prosjekta. Det bør også leggjast til at det er eit særst ambisiøst investeringsbudsjett.

Prosjekta «Tettstadutvikling» og «Utstyr pasientvarsling Valldal sjukeheim» er finansiert med øyremerka tilskot som ikkje kjem fram i oversikta ovanfor. Tilskota er bokført som ein del av investeringa på bevilgningsoversikt investering, linje 8 «Tilskot frå andre». Det er difor ikkje overskriding på desse prosjekta slik det kan sjå ut i investeringsoversikten.

Prosjekt merka med «Avslutta» har avvik mot budsjett, dei aller fleste vert rekna som mindre avvik. Prosjekta med størst avvik er Pleie og omsorgslokale Valldal – kr 344.147 og Sagatun omsorgsbustad + 601.879. Desse er nær knytt til kvarande og bør sjåast samla.

Avslutta prosjekt vert saldert ved å flytte restbeløp, + eller -, mellom prosjekta slik at det ikkje er nødvendig med tilleggsfinansiering. Resterande prosjekt er foreslått vidareført og vedteken finansiering på desse vert også foreslått vidareført.

### 3 Måloppnåing / Ikkje-økonomiske forhold

Kommuneplanen sin samfunnsdel er no vedteken etter ein svært grundig og nyttig prosess, der innbyggjarinvolveringa har vore målretta og bevisst. Administrasjonen ser samfunnsdelen av kommuneplanen som eit godt verktøy for å nå målsettingane som både innbyggjarane, polititarane og administrasjonen har sett seg.

Med auka næringslivsaktivitet, har ein håp om at ein skal klare å stabilisere folketalet. Samfunnsplanen vil vere eit nyttig verktøy for å utvikle trygge og forsvarlege tenester til innbyggjarane.

Ein har også lukkast med å rekruttere psykologkompetanse til kommunen. Dette har vore eit lovkrav sidan 2020, og no har ein endeleg lukkast

Administrasjonen har også lukkast godt i arbeidet med å ta imot flyktningar frå Ukraina.

Det er fortsatt utfordrande å rekruttere personell til pleie og omsorgssektoren, i tillegg til at det er lite tilgang på vikarar. Dette gjeld innan alle tenesteområde.

#### 3.1 Utvikling av tenester

##### Interkommunalt samarbeid

Samarbeidsavtale med Stranda kommune om barnevernsteneste, med Stranda som vertskommune, hadde oppstart 01.04.2022, og så langt er tilbakemeldingane frå brukarane positive.

Samarbeidsavtalen med Stranda kommune om brann- og redningsteneste, hadde oppstart 01.05.2022. Ein har skaffa seg ein del erfaringar så langt, og ser at det krev meir tid før alt er på plass slik ein ønskjer det skal fungere.

Samarbeidsavtalane innan helse, legevakt, PPT, og NAV med Ålesund kommune som vertskommune, er vidareført som tidlegare.



Fjord kommune har inngått offentlig, samarbeid om IKT med Ålesund, Sula og Giske kommunar.

Fjord og Stranda kommunar har no fått tilsendt rapport frå Telemarkforskning som omhandlar mogleg samarbeid om kommunale tenester mellom bygdene Eidsdal, Geiranger og Norddal. Oppfølging av denne rapporten vil kome i eiga sak.

## Helse

1 og 2 kvartal i året var prega av pandemien. I denne perioden var det tidvis stort sjukefråvær hos personalet i tenestene. Det vart brukt ekstra ressursar til pandemihandtering som til dømes nye vaksinasjonsdoser til risikoutsette grupper. Dette har medført ekstra kostnader som delvis er kompensert gjennom ekstra rammeoverføringar.

Rekruttering av helsepersonell er fortsett krevjande. Det er stadig vakansar innan stillingar som sjukepleiarar og helsefagarbeidarar. For å dekke inn behovet for denne kompetansen har ein i enkelte tilfelle nytta vikarbyrå. Dette er ei løysing som har vesentleg høgare kostnader. Kommunen har også gjort seg nytte av rekrutteringsselskap som importerer kompetanse frå utlandet. Dette har ein lukkast med i enkelte tilfelle.

Psykolog lukkast ein med å rekruttere på slutten av året. Dette er ein kompetanse som er særskild krevjande å rekruttere. Den lovpålagde stillinga har stått vakant sidan Fjord kommune vart etablert i 2020. Vidare vart det rekruttert demenskoordinatorar som oppgåve å styrke tilbodet til heimebuande personar med demens og familiarane deira. Dette er ein viktig funksjon for å hjelpe desse personane og familiarane deira å bu heime lenger før dei treng institusjonsplass. På denne måten vil ein kunne dempe etterspurnaden på plassar i institusjonane.

Tenestene har arbeidd med å etablere styringssystem. Nytt digitalt system for dokumentbibliotek (prosedyrar) og melding om uønskte hendingar. Det er gjennomført opplæring av personalet og etablert struktur for gjennomgang av hendingane som er rapportert.

Det har vore arbeid med ulike kvalitetsforbetrande prosjekt. Helseplattforma er eit av dei som har kravd ekstra ressursar. Fjord kommune har fått utsett innføringsdato med 6 månadar. Dette har medført at enkelte oppgåver vart sett på vent og innføringsleiar i ei periode vart disponert til andre oppgåver.

Tenestene har delteke i eit prosjekt i regi av KS «Tørn». KPMG er rettleiar på arbeidsprosessane. Tørn har fokus på betre oppgåvedeling, der målet er å bruke kompetanse rett. I framtida må vi utnytte ressursane vi har på ein meir fornuftig måte, for å kunne møte framtidens tenestebehov. Gjennom prosjektet så langt, har vi fått satt fokus på å kartlegge oppgåvene vi har i kvardagen i tre dei heimetenedistrikta oppimot dei tenestene vi skal levere. Gjennom dette arbeidet har avdelingane satt fokus på kvar flaskehalsane er og korleis vi best kan løyse dei ved å bruke rett kompetanse på rett plass.

For dei første problemområda har vi allereie nådd måla: Eidsdal får transportert varm mat frå kommunalt kjøkken 6 dagar i veke i staden for at personalet i avdeling brukar tid på å laga middag. I Stordal køyrer heimehjelpa ut middag i staden for pleiepersonell i heimetenesta. I Valldal serverar kjøkkenpersonalet middag på omsorgsbustaden og vi reduserer matsvinn og frigjer pleiepersonell til andre oppgåver.

Prosjektet med å etablere nytt varslingsystem med integrerte velferdsteknologiske løysingar er slutført ved Valldal sjukeheim. Dette har medført betre tryggleik for bebuarane og ein lettare arbeidskvardag for personalet.

Tenestene har arbeidd systematisk med sjukefråvær. Sjukefråværet har hatt ein synkende trend gjennom året. Årsgjennomsnittet enda på 8,96. I 2021 var resultatet 11,5 % Nasjonalt innan desse tenestene var sjukefråværet på 9,9% Gjennomsnittsfåværet er lågare enn tenestemråda oppvekst og teknisk. Ein må vere nøgd då dette er tenester som er drifta 24/7.

Tenestene merkar ein auke i ressurskrevjande brukarar. Ein merkar spesielt dette innan brukarar med psykiske lidingar. Spesialisthelsetenesta overfører desse oppgåvene i aukande grad til kommunal sektor. Behova til desse brukarane har kommunen ikkje i stor nok grad eit apparat til å dekke. Dette medfører at ein i enkelte tilfelle må kjøpe tilbod og kompetanse frå eksterne leverandørar. Dette er kostbare løysingar som utfordrar kommuneøkonomien.

### **Oppvekst og kultur**

Det er høgt fagleg tenestenivå i oppvekstområdet og ein klarer å rekruttere fagkompetanse. Synkende barnetal gjer at ein må diskutere og gjere nødvendige tilpassingar i skulestrukturen i åra som kjem. Elevtalet i Eidsdal er relativt stabilt, litt nedgang i Valldal og sterk nedgang i Stordal. Fjord kommune oppfyller lærarnorma i skulane.

Det er ledig kapasitet i barnehagane i Norddal og Stordal, medan det er utfordringar med kapasitet i Valldal.

Fjord kommune leverer grunnskuleteneste og barnehageplass til barn frå Liabygda i Stranda kommune.

Kulturområdet har eit breitt spekter av kulturtilbod til innbyggjarane, og ein har god drift av kulturbygg. Nedgang i barnetalet gjer at det vert færre deltakarar i kulturskulen.

Det er etablert frivilligsentral både i Valldal og Stordal.

Biblioteka har gode utlånstal og legg til rette med møteplass for ulike lag og organisasjonar.

### **Næring**

Strategisk næringsplan er vedteken, og det er mange spennande næringslivsprosjekt fleire stader i kommunen. Organiseringa av aktivitetar vedteke gjennom strategisk næringsplan fungerer bra. Vekst i Fjord er etablert i tråd med politisk vedtak, og er ein viktig faktor for at ulike prosjekt vert realisert. Vekst i Fjord prosjektet varer ut 2023. Fjordhagen si rolle i næringsutviklingsarbeidet fungerer i tråd med vedtak i strategisk næringsplan. Etter vedtektene for Næringsfondet skal det utarbeidast årsmelding for bruk av næringsfondet kvart år. Der vil Fjord kommune sitt næringsutviklingsarbeid verte nærare omtala.

### **Teknisk**

Både små og store aktørar har behov for eit kommunalt tenesteapparat som har kompetanse og kapasitet når næringslivet vil satse.

Stor utvikling innan dei tekniske faga og tilknyttate regelverk, gjer det krevjande for kommunen å ha tilgang til nok og rett kompetanse. Det har vore arbeid for digitalisering innanfor dei tekniske tenestene. Dette er eit arbeid som må halde fram.

## Samfunn og berekraft

Kommuneplanen sin samfunnsdel skal realiserast i tida framover. Det er fokus på å få konkrete resultat både ute i samfunnet og i organisasjonen. Heimesida har eige meny punkt for samfunnsdelen der ein legg ut moment etter kvart som dei kjem på plass.

Arbeidet med arealdel er enno ikkje kome i gang då vi har hatt ein lang ein periode med mangel på personellressursar på plansida.

Kommunen har utarbeidd Energi- og klimaplan, der hovudmåla er ein reduksjon i klimagassutsleppa på minimum 40% for perioden 2009 – 2030.

Kommunen skal også vere bidragsytar for at vi både i nærmiljøet og globalt oppnår eit samfunn med låge utslepp innan 2050. Målet er at innan 2050 skal all energibruk i Fjord vere fossilfri eller avfallsbasert.

Manglande kapasitet gjer at ein i 2022 ikkje har fått arbeidd nok med dette.

### Omstilling

Omstillingsarbeidet for å tilpasse drifta til dei økonomiske rammene må fortsette. Den økonomiske ubalansen er fortsatt om lag 20 millionar kroner. Dette kjem som resultat av både auka driftskostnader og reduserte inntekter. Ein er avhengig av å gjennomføre store strukturendringar i tenesteleveransen for å få ned driftskostnadane dersom ein skal klare å halde seg utanom ROBEK-registeret.

Årsverktalet må også ned dersom ein skal klare å få økonomisk effekt. Då må ein drifte basistenesene på færre lokalitetar enn ein gjer i dag. Den demografisk utviklinga tilseier at kostnadane må dreiest frå oppvekst- til pleiesektoren.

## 3.2 Andre forhold

### 3.2.1 Covid 19

Koronapandemien har også i første halvår 2022 belasta organisasjonen. Dette gjeld både gjennom sjukefråver og arbeid med vaksinerings. Belastninga av pandemien over fleire år, har vore både fysisk og psykisk krevjande for dei tilsette, og for heile organisasjonen.

Tilbakemeldingane både internt og frå Statsforvaltaren, har vore at Fjord kommune har handtert situasjonen på ein god, trygg og forsvarleg måte.

### 3.2.2 Prosjekt HelseSamArbeid

Fjord kommune har delteke i det nasjonale forskningsprosjektet HelseSamArbeid. Målet med prosjektet er å utvikle eit saumlaust tenestetilbod som styrkar arbeidsdeltaking for sjukemelde med fare for langtidsfråver. Prosjektet gjeld heile kommunen, der både Fjord kommune (som organisasjon) og private verksemd deltek. Gjennom tettare og tidlegare samhandling mellom arbeidstakar/sjukemeld, arbeidsgjevar, fastlege og andre helseaktørar i kommunen, bedriftshelsteneste, NAV og spesialisthelsetenesta, ønskjer ein å skape eit felles verktøy for førebygging og oppfølging, som kan bidra i å forhindre langtidsfråver.

Prosjektet er no i slutfasen der ein evaluera resultata og ein ser at det har vore utfordrande å få med seg legekontora med bakgrunn i Covid-19, foreldrepermisjon og vidareutdanning. Dette har ikkje fått prioritet. Ein endeleg rapport vert lagt fram hausten 2023.

### **3.2.3 Sjukefråvær**

Dette har utvikla seg i positiv retning i 2022, med ein reduksjon på 0,4%-poeng samanlikna med 2021. Noko skuldast at Covid-19 har gått tilbake, men dette er ikkje heile forklaringa.

Det har vore arbeid godt med “ein bra dag på jobben” saman med NAV Arbeidslivssenter i 2022 i fleire avdelingar. Det står fortsatt att ein del arbeid her for å få ein effekt av dette.

## **4 Tiltak for å sikre høg etisk standard**

Fjord kommune forvaltar midlar til fellesskapet og er avhengig av eit godt omdømme og tillit frå dei som møter oss. Det er viktig at kommunen opptrer skikkeleg i all si verksemd. I samband med dette har ein utarbeidd eit eige dokument som omhandlar etiske retningslinjer for tilsette og folkevalde. Retningslinjene som gir rettleiing og klare anvisningar om kva type åtferd som blir forventta av oss, i kva situasjonar, har vore ut på høring og skal bli tatt opp til behandling av partsamansett utval. I vårt HMS-arbeid har vi lagt mykje fokus på korleis vi kan skape ein god dialog, både internt og ovanfor våre brukarar. Utanom våre rutinar og prosedyrar, som er tilgjengeleg i vårt dokumentbibliotek, bruker vi vår internettside til å informere og opplyse dei tilsette om tematikken. I opplæringa innan personvern, i regi av vårt personvernombod hos IKA (Interkommunalt Arkiv i Ålesund) har ein bla. hatt fokus på bruk av sosiale medium, kva ansvar ein har når det gjeld deling av andre sine personopplysningar, på retten til privatliv og overvaking av tilsette.

### **4.1 Internkontroll – generelt/overordna**

Kommunedirektøren sin internkontroll tar utgangspunkt i KS sitt verktøy i høve dette arbeidet. Kommunedirektøren skal rapportere til kommunestyret om internkontroll minst ein gang i året. I samsvar med KS sine tilrådingar har ein vald å integrere den årlege rapporteringa i årsmeldinga..

#### **4.1.1 Styring**

Internkontroll er alt vi gjer for å sikre innbyggjarane gode tenester, overhalde lover og reglar, følgje opp vedtak og planar og vere opptatt av omdømmet til kommunen.

Ansvar for kvalitet og internkontroll følgjer som ein del av leiaransvaret i kommunen. Leiarar har ansvaret for internkontroll innan dei respektive sektorane eller avdelingar. Internkontroll er ein naturleg del av drifta i einingane, leiarane veit at ein skal medverke til ein god og effektiv tenesteutøving.

Kommunen sin internkontroll er risikobasert. Som ein del av arbeidet med risikobasert internkontroll, skal kommunedirektøren gjennomføre ei overordna risikovurdering, både sentralt og i kvart kommunalområde, slik at vi få oversikt, og kan vurdere heilskapen i internkontrollen i organisasjonen.

### **4.1.2 Aktivitetar**

I 2022 har ein hatt stort fokus på utbygging av kommunen sitt digitale kvalitetssystem. Bruk av modulen for å melde og behandle avvik er forankra i organisasjonen. Statistikken viser at dei fleste avdelingane utnyttar mulegheitene til å melde avvik eller manglar på arbeidsplassen på ein god måte, slik at vi får verdifull informasjon som vi kan bruke til å lære og setje i verk tiltak som kan hindre at det same skjer igjen. I dokumentbiblioteket, som er vår arbeidsplattform for alle dokument som er relevante for vår tenesteutøving, har alle einingar fått sitt eige område til å lagre alle dokument som dei tilsette har bruk for i arbeidskvardagen. I dokumentmodulane finn ein også igjen dei overordna dokument som gjeld heile organisasjonen.

Kvalitetssystemet er det sentrale verktøyet for kommunedirektøren sin internkontroll. Ein gjennomførte ein stor gjennomgang av HMS-arbeid i organisasjonen. Som ein del av dette internkontrollarbeidet har alle avdelingar fått besøk for å sjå korleis ein jobbar lokalt med helse, miljø og sikkerheit. Saman med leiar, verneombod og tillitsvald gjekk ein gjennom avdelinga sitt årshjul for det lokale HMS-arbeidet, og handlingsplanen som høyrer til. Kommunalsjefane fekk presentert resultata frå gjennomgangen, og oversikt over tiltak og oppgåver avdelingane skal jobbe vidare med. Saman med personvernombod har kommuneleiinga hatt ein gjennomgang av kommunen sitt arbeid med personvern og informasjonssikkerheit. Ein har sett på system- og dokumentarbeid, informasjon om kommunen sitt arbeid med personvern og informasjonssikkerheit på kommunen sin nettside, risikovurderingar, bruk av avvikssystemet og status for opplæring, og definert tiltak som ein skal jobbe vidare med.

### **4.1.3 Effekt og resultat**

Vi opplever vi at vi har tatt nye, viktige steg i det systematiske arbeidet med kvalitet, som medfører at vi er i stand til å levere dei teneste som blir forventa av kommunen.

### **4.1.4 Statlege tilsyn**

Statsforvaltaren gjennomførte tilsyn med sektor innan Helse, omsorg og velferd. Tilsynet blei starta opp i 2021 og handla om tvungen somatisk helsehjelp. Kommunen fekk som oppgåve å utarbeide ein plan som sikrar at tenesteutøvinga er i samsvar med helse- og omsorgstenestelova, helsepersonellova, samt pasient- og brukarrettslova. Det ble også vist til forskrift om leining og kvalitetsforbetring i helse- og omsorgstenesta. Saman med kommunalsjef har leiinga utarbeidd ein handlingsplan, som viser kva tiltak som er gjennomført og skal bli gjennomført, kven som har ansvaret, og korleis leiinga vil følgje med på og følgje opp at det som er planlagt, blir sett i verk og fungerer slik at praksis blir endra. Etter eit fellesmøte med Statsforvaltaren, der planen blei presentert, vurderte Statsforvaltaren at tilsynet kunne avsluttast.

## 5 Likestilling

Lønspolitikken i Fjord kommune er utforma slik at kvinner og menn vert likebehandla i vurdering av lønn og avansement. Kommunen treng medarbeidarar med rett fagkompetanse og ønskjer eit mangfaldig arbeidsliv. Kommunen skal leggje til rette for å rekruttere minoritetsspråklege og personar med redusert funksjonsevne. Samstundes skal ein ta vare på at alle arbeidstakarar blir rettferdig vurdert.

## 6 Aktivitetsplikt etter Likestillings- og diskrimineringsloven § 26

Fjord kommune arbeider aktivt og målretta for å fremme likestilling og å hindre skilnader som strid med Lov om likestilling og forbud mot diskriminering.

Fjord kommune skal ha eit mangfald der kjønn, etnisk opphav, religion/livssyn, seksuell orientering, alder og funksjonsnivå vert verdsett. Alle brukarar og innbyggjarar skal møtast med respekt og likeverd. Det same gjeld der kommunen møter leverandørar, kundar, konkurrentar og andre aktørar.


Fjord kommune har flest kvinnelege arbeidstakarar, med ein kvinnedel på 72 %. Det er færrast mannlege tilsette innan skule, barnehage og helse og omsorg, og flest innan teknisk sektor og administrasjonen. I 2022 har vi klart å rekruttere fleire kvinnelege arbeidstakarar innan teknisk sektor.

Vi ønskjer ei vidare utjamning, men dette skal ikkje gå utover «best kvalifisert – prinsippet» hos søkjarane eller tilsette som allereie arbeider i kommunen. I dei lokale lønnsforhandlingane legg ein vekt på at det er likskap ved lik stilling, ansvar og kompetanse.

## DEL 2 ÅRSRAPPORT

### 7 ORGANISERING AV FJORD KOMMUNE

#### 7.1 Politisk organisering



Kommunestyret består av 23 medlemmar, fordelt slik:

Arbeidarpartiet	5 medl inkl. ordførar	(2 medl.formannskap)
Høgre	6 medl	(2 medl.formannskap)
Senterpartiet	8 medl	(3 medl.formannskap)
Sosialistisk Venstreparti	2 medl	
Framstegspartiet	1 medl	
Kristeleg Folkeparti	1 medl	

Politiske utval/saker 2022	Tal møter	Tal politiske saker
Kommunestyre	8	88
Formannskap	13	117
Eldreråd	6	19
Råd for pers.med funksj.nedsetting	3	10
Ungdomsråd	5	13
Viltutval	5	28

##### 7.1.1 Kontrollutvalet

Har 5 medlemar og er kommunestyret sitt verktøy for å sikre at den kommunale verksemda vert gjort i samsvar med gjeldande lover og reglar, kommunale planar og vedtak. Dette er viktig for å oppnå tillit hos innbyggjarane. Sunnmøre Kontrollutvalssekretariat utøver sekretariatsfunksjonen for Fjord kommune.

### 7.1.2 Ungdomsrådet

Frå 01.01.20 var ungdomsråd lovpålagt og føremålet er at ungdomsrådet skal vere eit talerør for ungdommen i Fjord kommune. Ungdomsrådet skal også vere eit høyringsorgan, bidra til gode oppvekstvilkår og ha muligheit til å påverke i saker som vedkjem ungdom. Dei skal også vere med å auke engasjementet i ungdomsgruppa.

Ungdomsrådet har hatt 5 møter i 2022. Blant sakene som har vore handsama er ruteendringsprosess, ulike planar og budsjett 2022. I tillegg har dei besvart ulike undersøkingar elektronisk.

Ungdomsråd og koordinator var representert på møte for ungdomsråd i regi av Møre og Romsdal fylkeskommune.

Ungdomsrådet var på planlagt bli kjent-tur i deler av kommunen i oktober. Plassane som var besøkt var Norddal, Herdalen, Eidsdalsvatnet, Kilsti, Eidsdal, Tafjord, Zakariasdammen og Fjørå. Ein kjekk tur, der mange av ungdommane var for første gong. Resten av kommunen skal få besøk i 2023.

To av medlemmane i ungdomsrådet var deltakarar på Ungdommens Fylkesting (UFT). Fjord kommune var også representert med eit medlem i ungdomspanelet (UP) i fylket.

Ungdomsrådet har konto på instagram #fjordungdomsraad

Utfordringa til koordinator er å ha kapasitet til å følgje opp ungdomsrådet og ulike vedtak på ein god måte. Det er ikkje definert stillingsprosent til koordinator.




*Ungdomsrådet på Herdalssetra*



## 7.2 Administrativ organisering

Den administrative organiseringa har vore slik i 2022:



## 7.3 Organisasjon og medarbeidarar

### 7.3.1 Årsverkstabell

Årsverk Fjord kommune	31.12.22	Budsjett 2022	2021	2020	Merknad pr 31.12.22
Politiisk organisasjon	1,0	1,0	1,0	1,0	
Kommunedirektør	1,0	1,0	1,0	1,0	
Økonomiavdeling	3,8	4,2	5,0	5,0	
Personalavdeling			2,0	2,0	Slått saman i Stab
Beredskap			0,5	0,5	Slått saman i Stab
IT			1,5	1,5	Slått saman i Stab
Stab	9,7	8,9	5,1	5,3	Inkl 0,9 årsverk tillitsvalde
Folkehelsekoordinator	0,5	0,2	0,2	0,7	
<b>Sum sentraladministrasjon/stab</b>	<b>16,0</b>	<b>15,3</b>	<b>16,3</b>	<b>17,0</b>	
Felles administrasjon oppvekst, kultur, næring	1,0	1,0	1,0	1,0	
Stordal barnehage	8,1	7,9	8,9	7,9	
Dalsbygda barnehage	5,3	5,5	5,3	5,7	
Syltebøen barnehage	16,2	13,0	10,9	10,8	
Stordal skule/SFO	24,8	25,8	26,0	27,2	
Valldal skule/SFO/VO	31,3	30,4	29,8	30,4	
Eidsdal skule/SFO	13,8	12,2	11,5	12,4	
Kulturskolen	2,3	2,1	2,5	2,0	
Kulturadministrasjon	0,4	0,4	0,4	0,4	
Frivilligsentral	1,5	1,5	1,5	1,5	
Bibliotek	1,4	1,5	1,9	1,9	
Martin Linge huset	0,3	0,3	0,3	0,3	
Stordalshallen	0,6	0,6	0,6	0,6	
Næringsutvikling	0,4	0,4	0,4	0,4	Prosjektstilling
<b>Sum oppvekst og kultur</b>	<b>107,4</b>	<b>102,6</b>	<b>101,0</b>	<b>102,5</b>	
Felles administrasjon helse, pleie, omsorg	1,0	1,0	1,0	1,0	
Kommuneoverlege	0,2	0,2	0,2	0,2	
Inntakskontor, koordinerende eining	2,2	2,0	2,0	1,0	
Legekontora	8,8	8,4	8,9	9,4	
Helsestasjon	3,5	3,0	2,7	2,0	
Psykatri	1,6	1,8	2,2	1,9	
Fysio-/Ergoterapeut	1,8	1,8	1,8	1,6	
Jordmor	0,5	0,4	0,4	0,4	
Flyktningsteneste	1,5	0,0			
Stordalstunet	15,9	18,7	19,0	18,5	
Valldal sjukeheim	32,5	33,6	34,1	33,1	
Heimetenesta Stordal	4,4	3,9	3,6	2,8	
Heimetenesta Valldal, Fjørå, Tafjord	12,1	12,2	11,9	13,6	
Heimetenesta Eidsdal, Norddal	8,1	7,9	7,9	7,7	
Bu-/habilitering Stordal	22,7	21,1	19,9	17,1	
Bu-/habilitering Valldal	15,0	15,4	15,8	13,9	
Aktivitetssenteret "Glimt"	1,4	0,0			
Dagtilbod for demente	0,0	0,4	0,4	0,0	
Tilsett investeringsprosjekt	0,8	0,0			Helseplattform
<b>Sum helse, pleie og omsorg</b>	<b>134,0</b>	<b>131,8</b>	<b>131,8</b>	<b>124,3</b>	
Felles administrasjon, teknisk, landbruk, miljø	0,4	1,0	1,0	1,0	
Bygg og kommunalteknikk	4,0	6,0	4,0	4,0	
Teknisk drift	12,0	12,0	13,0	13,6	
Plan bygg oppmåling	3,2	4,2	4,2	4,0	
Landbruk	1,4	1,7	1,7	1,7	
Brann	0,7	0,5	0,7	0,5	
Brannforebygging, feiar	1,0	1,0	1,0	0,0	
Reinhald	14,3	13,1	14,6	12,2	
<b>Sum teknisk, landbruk, miljø</b>	<b>37,0</b>	<b>39,5</b>	<b>40,2</b>	<b>37,0</b>	
<b>Sum årsverk</b>	<b>294,4</b>	<b>289,2</b>	<b>289,2</b>	<b>280,7</b>	

### 7.3.2 Tilsette

Fjord kommune har per desember 2022 404 tilsette med stillingsprosent og fast månedslønn, fordelt på 294,4 årsverk. Dette er ein auke på 5 årsverk frå 2021. I tillegg kjem timelønna vikarar og ekstrahjelpar .

Gjennomsnittleg stillingsprosent er på 72,7 % . Del kvinner er på 72 % og gjennomsnittalderen på tilsette i kommunen er på 46 år.

I 2022 har det vore ein del nøkkelstillingar der tilsette har gått av med pensjon eller valt å finne seg anna arbeid. Vi har klart å rekruttere inn nytt personale i desse eller gjort endringar i organisasjonen med endra ansvar/arbeidsoppgåver. Det var i 2022 oppretta ei ny eining jf. krigen i Ukraina, der vi hadde behov for å etablere flyktingteneste for mottak. Det har medført auka behov i dei fleste sektorane og spesielt oppvekstsektoren og vaksenopplæringa.

I slutten av 2022 klarte ein også å rekruttere kommunepsykolog som ein har arbeid med sidan 2018. Den største utfordringa til kommunen er i dag å skaffe sjukepleiar til institusjon- og omsorgstenesta. vår i kommunen. Det er mangelvare på denne profesjonen nasjonalt og det har i 2022 vore utstrakt bruk av bemanningsbyrå for å få dekkja opp nok sjukepleiarar i kommunen.

### 7.3.3 Sjukefråvær

Sjukefråværet i Fjord kommune har vore utfordrande også i 2022, men noko mindre samanlikna med 2021. Samla sjukefråvær for 2022 var på 9,18% og i 2021 var snittet på 9,53%



IA-avtale for perioden 01.01.2019 - 31.12.2022 er fortsatt gjeldande og vart i oktober 2022 prolongert ytterligare i to år.

Fjord kommune hadde som målsetting å ikkje overstige fråværet i 2021, og kome under 8,5 % innan utgangen av 2022. I 2022 var det også knytt stort fråvær til COVID-19 første halvdel av året og tar ein dette fråværet vekk frå totalen har kommunen eit totalfråvær på 8,55%.

Utviklinga i fråværet per måned, viser ein trend som tidlegare med høgare fråvær i starten og slutten av året. Toppen for fråværet i 2022 var i mars. I desse to månadene veit ein at det var høgt sjukefråvær (eigenmeldt) knytt til korona.

Ferieavviklinga i juni – august har sjølvstekt verknad på fråværstalet. Det er også store variasjonar i sjukefråværet mellom dei ulike einingane. Einingane sine tal vert sterkt påverka av tal årsverk i eininga. Små einingar med langtidsfråvær vil prosentvis få høgt sjukefråvær.

## Korttid/langtid



Samla sjukefråver i Fjord kommune utgjorde i 2022 totalt 9,18% (2020 -9,53 %). Fråværet fordeler seg med legemeldt fråver på 7,24% (2021- 8,23 %) og eigenmeldt fråver på 1,93% (2021 - 1,29 %).

Figuren over viser variasjonen mellom sektorane med fordeling mellom korttidsfråvær og langtidsfråvær per 2022. I tabellen under ser ein kvartalsvis oversikt for heile kommunen i 2022.

2022	Kort	Lang	Totalt
K1	3,13	9,40	12,53
K2	1,60	6,60	8,20
K3	1,00	5,40	6,40
K4	2,00	7,57	9,57

I kommunen sitt tredje driftsår har ein måtte justere kvardagen på ny med overgang frå eit «koronafritt» samfunn til ein krig mellom nabolanda Russland og Ukraina i aust. Kommunen har vore omstillingsdyktig og løyst desse utfordringane godt.

I 2022 har organisasjonen konsentrert seg ekstra på følgjande tiltak:

1. **INTRANETT:**

Vidare arbeid med intranett som er kommunen sitt informasjonsverktøy internt og arbeid godt med å få på plass ein god struktur her og fortløpande evaluere og publisere nye rutinar, reglement og prosessar.

2. **3- partssamarbeid /STAMI:**

Kommunen starta eit samarbeid med NAV arbeidslivssenter i slutten av 2020 og er satt i drift for dei fleste barnehagane i 2021 og vidareført dette inn i PLO for 2022, *ein bra dag på jobb*. Tematikken er tilrettelagt frå STAMI (statens arbeidsmiljøinstitutt) og har vore gjennomført av ein kontaktperson i NAV Arbeidslivssenter. Prosessane har vore gode, men ein har ikkje klart å ta ut effekten i alle avdelingane på grunn av tidvis stort fråvær av dei faste tilsette.

3. **Kvalitetssystem:**

I prosessen med å etablere gode rutinar har det vore gjort ein grundig jobb i kommunen sitt internkontrollsystem via Compilo. Her arbeider ein på tvers av sektorane for å få eit felles dokumentbibliotek som skal synleggjere arbeidsprosessane for den enkelte eining og i fellesskap mellom einingane. Ein har brukt mykje tid for å lære opp einingane i bruken av denne samt oppdatere interndokumentasjon.

### 7.3.4 Lærlingar

Kommunen hadde 7 lærlingar fram til våren 2022 der 3 stk. vart uteksaminert (den eine som Sunnmøres beste lærling). Kommunen tok inn ytterligare 5 lærlingar hausten 22 og hadde i utgangen av 2022, 7 lærlingar innafor helsefag og 2 som barne- og ungdomsarbeidar.


## 8 HOVUDUTFORDRINGAR OG MULEGHEITER FRAMOVER

Fjord kommune har ein utfordrande økonomisk situasjon, med meirforbruk i rekneskapet to år på rad. Dette påverkar organisasjonen med omstilling og tilpassing til økonomiske rammevilkår. Dimensjonering av tenestene og tenestestruktur må tilpassast desse utfordringane. Innbyggjarane i kommunen vert stadig eldre. Dette gjev også behov for dreining av ressursar frå oppvekst til pleie og omsorg.

Folketalet har vore nokså stabilt etter at Fjord kommune vart etablert. Prognoser tilseier imidlertid ein nedgang over tid. Dette gjev også utfordringar når det gjeld tilgang av kompetanse til kommunen som arbeidsplass. Fjord kommune hå ha særleg fokus på nærings- og samfunnsutvikling, samling av fagmiljø og vere offensive for å rekruttere og behalde kompetanse. I tillegg legge til rette med gode kommunale tenester for å trekke til seg nye innbyggjarar og motbeviser utviklinga som sentrale prognoser viser

Del tilsette i Fjord kommune over 60 år er høg, noko som betyr at mange tilsette må erstattast i løpet av dei komande 7-8 åra. Dette blir ei utfordrande oppgåve.

Det må likevel nemnast at ein har klart å rekruttere kompetansen ein treng innan dei aller fleste fagområde, og det ser ut til at Fjord kommune på mange område har vorte ein attraktiv arbeidsplass.



## 9 SENTRALADMINISTRASJON / STAB

Omfattar følgjande tenestoområde:

- Politisk styring og kontrollorgan
- Kommunedirektør, stab
- Næringsutvikling/næringsfond
- Digitalisering, plan, beredskap, folkehelsearbeid

Økonomisk resultat pr eining POLITISK ORGANISERING	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Forbruk %	Meirforbruk (+) Mindreforbruk (-)
Politisk org.	2 096 496	1 894 350	110,7	202 146
Eldrerådet	40 098	32 150	124,7	7 948
Ungdomsrådet	52 105	51 816	100,6	289
RFUN	17 457	21 201	82,3	- 3 744
Kommunerevisjonen	853 738	750 000	113,8	103 738
Kontrollutval/SKS	408 685	454 650	89,9	- 45 965
<b>Sum</b>	<b>3 468 579</b>	<b>3 204 167</b>	<b>108,3</b>	<b>264 412</b>

Økonomisk resultat pr eining SENTRALADMINISTRASJON	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Forbruk %	Meirforbruk (+) Mindreforbruk (-)
Kommunedirektør	1 610 074	1 596 185	100,9	13 889
Stab/Fellestenester	13 899 335	12 619 610	110,1	1 279 725
Næringsutvikling	493 727	324 291	152,2	169 436
Næringsfond	-	-	-	-
Kyrkjelege fellesråd	2 890 000	2 890 000	100,0	-
Folkehelsearbeid	216 018	26 408	818,0	189 610
Økonomiavd.	4 008 915	4 139 107	96,9	- 130 192
Premieavvik pensjon	- 2 064 964	- 4 870 203	42,4	2 805 239
Forsikringar	185 215	605 000	30,6	- 419 785
<b>Sum</b>	<b>21 238 320</b>	<b>17 330 398</b>	<b>122,5</b>	<b>3 907 922</b>

### 9.1 Stab

Fellestenesta, personal, IT og beredskap slo seg saman og STAB vart etablert 01.01.2022. Personalsjef vart leiar for eininga og leiar for fellestenesta gikk av med pensjon i mai. Bemanninga er redusert med eit årsverk frå mai.

#### Samansette oppgåver gjennom året:

Arbeidet med flyt og felles forståing for oppgåveløysing og utvikling/implementering av rutine har blitt vidareført. TEAMS er i mykje større grad tatt i bruk som kommunikasjonsverktøy internt i avdelinga og som opplæring/hjelpverktøy overfor andre einingar.

Det blir sortert mellom fag- og fellesoppgåver, der tilsette har sine faste fagrelaterte oppgåver, i tillegg til at alle skal vere i stand til å ivareta generalistoppgåvene. Det er eit mål om at alle funksjonar skal ha ein stedfortredar.

Sidan avdelinga er fordelt på to lokasjonar krev det god samordning og smidige løysingar for å skape eit godt team. Informasjonsutveksling og god overlapping er viktig og nødvendig, og ein føresetnad for å lukkast. Arbeidsfordelinga på servicetorget har vore skissert etter oppsett turnusplan i TEAMS.

Ekspedisjonen i Stordal var stengt i 6 veker under avvikling av hovudferien 2022.

### **Prosjektarbeid og målarbeid:**

#### **ACOS+**

Oppgradering av sakssystemet til skybasert teneste der dette behovet kom fram i samråd med leverandør og eKommune Sunnmøre jf. overgang til Office365. Tidlegare har ein vore avhengig av kommunalt nett og tilgang via terminalserver for tilgang til saks- og arkivsystemet. Oppgraderinga i november gjer at ein har fått ei skyløysing med fleire funksjoner som skal gi kommunen gevinst i form av betre flyt, brukaroppleving og redusert tidsbruk.

ACOS Eigedom blir fortsatt nytta på tidlegare versjon.

*Mål 1 frå digitalisering, plan og beredskap i budsjettarbeidet 2022 – delvis oppfylt*

#### **Beredskapsarbeid**

Ein del arbeid knytt til vaksiner og covid-19 oppfølging for 2022. Oppdatering av tiltakskort og planverk knytt til lokale utfordringar og krisa/krigen som starta i februar 2022 i Ukraina.

*Mål 2 frå digitalisering, plan og beredskap i budsjettarbeidet 2022 – delvis oppfylt*

#### **Innlevering av arkiv**

Fysisk gjennomgang av alle papirarkiv frå Stordal kommune og Norddal kommune i 2021 med prisestimat frå IKA. Avtale vart i ettertid signert; og ei slik avlevering er tenkt over tid, i perioden 2022-2026. I avtalen er alle detaljar omhandla; i hovudsak er det IKA som vil stå for pakking og ordning. I 2022 har arkivet frå tidlegare Stordal kommune + Eidsdal skule blitt henta og overlevert.

*Mål 1 frå fellestenesta i budsjettarbeidet 2022 - oppfylt*

#### **Kommuneplanen – samfunnsdel**

Ferdigstilling av kommunen sin samfunnsdel med vedtak i kommunestyret februar 2022. Arbeidet vidare blir å få denne forankra i organisasjonen og blir ein del av kvardagen til dei tilsette. Ein har brukt samfunnsdelen i budsjettarbeidet og utarbeid verktøy for å nytte planverket til å utarbeide mål- og tiltakslistar for 2023.

*Mål 3 frå digitalisering, plan og beredskap i budsjettarbeidet 2022 – oppfylt*

#### **Compilo – dokumentbibliotek**

For å at kommunen skal ha god internkontroll er det arbeidd vidare med kvalitetssystemet til kommunen. Systemet Compilo hjelper kommunen med handteringa av avvik og ha god oversikt på kommunen sine rutinar, skjema, reglement, vegleiingar og flyt. Det er jobba godt ute i einingane med å få dette på plass og i rett struktur slik at ein følgjer prosessen frå start til slutt på tenestenivå. Fortsatt ein del arbeid som står att for å få denne ferdigstilt.

*Mål 2 frå personalavdelinga i budsjettarbeidet 2022 – delvis oppfylt*

*Mål 2 frå fellestenesta i budsjettarbeidet 2022 – delvis oppfylt*



## 9.2 Beredskap, digitalisering og informasjon

### Beredskap

- Beredskap inn som viktig tema i samfunnsdelen.
- Stand i dei fleste bygder under Eigenberedskapsveka saman med frivillige og brannvesenet. Sendt beredskapsplakat ut til alle husstandar.
- Fokus på fjellskredberedskap – oppdatering av eksisterande planverk og fokus på tida etter eit skred har gått.
- Faste møter med Telenor om mobildekning. Får på plass to nye basestasjonar i år – Eidsdal sentrum og på Døving i Valldal.
- Ukraina-krigen har hatt fokus etter koronaen.
- Skrivebordsøving i september, faste møter i kriseleiing og beredskapsråd

### Digitalisering

Fleire faggrupper har kome i gang gjennom eKommune Sunnmøre.

Vi har fått automatisert ei rekke interne prosessar, og arbeider systematisk for å gje betre digitale tilbod til innbyggjarane også. Det er ei utfordring å heve den digitale kompetansen i heile organisasjonen for effektivt å kunne ta i bruk nye løysingar.

Digi Møre og Romsdal har no gått over til drift. Alle kommunane i fylket deltek, og Fjord kommune har med ein representant i styringsgruppa.

### Informasjon

Kontinuerleg arbeid med heimesidene, og betre tilrettelegging for brukarane.

Ny nettside for Fjord-samfunnet er på plass – Opplev Fjord. Aktiv profilering på facebook og instagram.

Arbeid med personvern knytt til bildebruk på heimesider og sosiale media. Arbeider med retningslinjer for bruk av sosiale media.

## 10 OPPVEKST OG KULTUR

Omfattar følgjande tenesteområde:

- fellesansvar oppvekst og kulturadministrasjon
- barnehage
- grunnskule
- SFO
- musikk- og kulturskule
- vaksenopplæring
- frivilligsentralar
- kultur
- ungdomsarbeid
- bibliotek
- Martin Linge-huset
- Stordalshallen

Økonomisk resultat pr eining OPPVEKST	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Forbruk %	Meirforbruk (+) Mindreforbruk (-)
Felles adm.oppvekst/kultur	4 100 439	3 395 300	120,8	705 139
Stordal bhg	4 605 191	4 581 515	100,5	23 676
Syltebøen bhg	6 675 549	6 375 312	104,7	300 237
Dalsbygda bhg	2 928 850	3 071 774	95,3	- 142 924
Stordal skule	17 134 185	17 090 400	100,3	43 785
Stordal SFO	1 028 785	993 189	103,6	35 596
Valldal skule	18 374 419	19 626 704	93,6	- 1 252 285
Valldal SFO	918 378	914 912	100,4	3 466
Fjord vaksenoppl.	- 284	- 279 733	0,1	279 449
Eidsdal skule	9 119 555	9 071 418	100,5	48 137
Eidsdal SFO	218 782	167 397	130,7	51 385
Fjord musikk-kulturskule	1 753 728	1 940 366	90,4	- 186 638
<b>Sum</b>	<b>66 857 577</b>	<b>66 948 554</b>	<b>99,9</b>	<b>- 90 977</b>

Økonomisk resultat pr eining KULTUR	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Forbruk %	Meirforbruk (+) Mindreforbruk (-)
Kulturadministrasjon	675 818	653 345	103,4	22 473
Tilskot drift-anlegg	160 000	185 000	86,5	- 25 000
Fjord bibliotek	1 488 248	1 509 650	98,6	- 21 402
Frivilligsentralane	318 464	351 808	90,5	- 33 344
Ungdomsarbeid	63 588	40 000	159,0	23 588
Stordalshallen	47 075	- 7 688	- 612,3	54 763
Martin Linge huset	36 956	- 79 299	- 46,6	116 255
<b>Sum</b>	<b>2 790 149</b>	<b>2 652 816</b>	<b>105,2</b>	<b>137 333</b>

## Skular

I Fjord kommune er det tre relativt små kombinertskular med 1.- 10. klasse.

Elevtalet er sterkt synkende ved Stordal skule, relativt stabilt ved Eidsdal skule og noko nedgang ved Valldal skule. Elevar frå Liabygda skule har sin skulekvardag ved Valldal skule, noko som er regulert gjennom ein avtale med Stranda kommune. Skulane har godt kvalifiserte lærarar, og per i deg skjer all undervisning i hovudsak med godkjent personell.

Fagfornynginga med innføring av ny læreplan frå hausten 2020 har vore sentralt for skulane også dette året. Skulane er offensive i høve til å søkje lærarane på vidareutdanning. Samarbeidet mellom skulane utviklar seg, og ein deler og lærer av kvarandre. Dette bør ein sette meir i fokus framover.

## Barnehagar

Fjord kommune har tre kommunale barnehagar. Samla sett har ein god kapasitet i barnehagane i Fjord kommune, men det er for tida sprengt kapasitet ved Syltebøen barnehage. Etter avtale med Stranda kommune, nyttar barn frå Liabygda barnehagane i Valldal.

Trykket på barnehageplass har i første rekke vore knytt til Syltebøen. Likevel må ein ta høgde for ei ønska tilflytting gjennom store planar for næringsutvikling i kommunen. Det er høgt sjukefråvær i enkelte av barnehagane, og det er vanskeleg å skaffe vikarar. Dette slit på personalet.

Samarbeidet mellom barnehagane utviklar seg godt, tettast samarbeid er det på styrarnivå, men det er også opprette eit samarbeid på ped.leiarnivå, ein deler og lærer av kvarandre her også.

Det pedagogiske nettverket i regi av Sunnmøre regionråd er svært viktig for ei lita kommune som Fjord kommune, dette gjeld både innanfor skule- og barnehageområdet.

## Kultur

Kultursektoren består av kulturadministrative oppgåver, frivilligsentralar, bibliotek, musikk- og kulturskule, i tillegg til Martin Linge-huset og Stordalshallen.

Kulturadministrasjonen arbeider mellom anna med kulturmiljøplanar, planar for idrettsanlegg, spelemiddelsøknadar etc.

Det er lokalisert frivilligsentralar både i Stordal og Valldal. Desse vil vere viktige i tida som kjem for å kunne løyse ut den frivillige ressursen som det vil verte behov for i framtida. Her bør ein frå politisk hald vere tydelegar på kva sentralane skal nyttast til.

Kultur- og idrettshallane vert svært mykje brukt og har eit breitt aktivitetstilbod for dei fleste aldersgrupper.



## 10.1 Stordal barnehage

I første halvår 2022 var det 9 tilsette som utgjorde 8,9 årsverk inkludert administrasjon. Då var det på papiret 4 pedagogar inkludert styrar. Ein av ped.leiarane gjekk sjukmeldt i 100 % heile året og i tillegg var det ein ped.leiar som hadde ulønna permisjon heile året. Frå hausten 2022 mangla det ein ped.leiar, da den mannlege ped.leiaren sa opp jobben frå oktober 2022. Det var då ikkje muleg å få utdanna pedagog og barnehagen måtte difor søke dispensasjon for ein ped.leiar. Etter oktober var det 7,9 årsverk med tilsette i barnehagen inkludert administrasjon. Men den eine pedagogen var framleis sjukmeldt ut året 2022, så i praksis har det vore 6,9 årsverk heile hausten. I tillegg var det ein assistent som gjekk sjukmeldt det meste av hausten. Det har framleis vore ei utfordring og veldig vanskeleg å få tak i vikarar. Difor vart det tilsett ein assistent frå oktober til og med ut desember 2022. Dette hjelpte, men hausten var framleis prega av personalmangel og stort slit på personalet som har vore til stede. Også denne hausten har det vore periodar med underbemanning og mange vikarar har vore i arbeid. Hausten 2022 starta det opp ein 1 års lærling. I tillegg var tre barnehagelærarstudenter i praksis i kortare periodar i løpet av 2022.

Styrar i barnehagen har tatt styrarutdanning gjennom DMMH og fullførte med eksamen desember 2022.

Første halvår 2022 var det totalt 26 barn i barnehagen, av dette eit barn med styrking 1:1.



På slutten av året var det 21 barn fordelt på to avdelingar, og framleis behov for styrka bemanning med ein assistent 1:1 for eit barn. I tillegg vart det også gitt spesialpedagogisk hjelp i ulik grad tilsvarande omlag 0,4 stilling.

Alderssamansetninga i barnehagen pr. desember 2022 var slik:

Født år:	Antal barn
2017	6
2018	4
2019	3
2020	5
2021	3

Utviklingsprogrammet «Ein bra dag på jobb» i samarbeid med NAV, vart avslutta hausten 2022 avslutta. Det var då eit felles møte der alle tre barnehagane i Fjord møttes i Stordal. Det har også vore jobba med eit utviklingsarbeid i regi av ReKomp. Alle barnehagane i Fjord kommune valde temaet : Digital kompetanse i barnehagen. Stordal barnehage laga seg denne problemstillinga: «Korleis kan vi bruke digitale verktøy for å stimulere barnas kreativitet»? Dette temaet har det vore jobba med i heile 2022. Den 16.mars hadde alle

barnehagane på nordre Sunnmøre med dette temaet, ein felles studiedag i Ålesund på NMK-labben.

I tillegg til dette gjennomførte styrar eit lite utviklingsarbeid som gjekk på møteverksemd i barnehagen i samband med styrarutdanninga. Heile personalgruppa skulle og gjennomføre ei kursrekke i Visma veiledar i løpet av hausten 2022

Mål for barnehagen vidare:

1. Få på plass utdanna personale og få gode og stabile vikarar tilgjengeleg. Vi må og ha som mål å få ned sjukefråværet.
2. Kompetanseheving for heile personalgruppa. Vi skal framleis arbeide med Utviklingsprogram gjennom Rekomp.
3. Arbeidsmiljø må alltid vere i fokus.
4. Få ferdigstilt den nye barnehagen vår.

Med ein ny barnehage er det ikkje nødvendig å bruke mykje midlar på oppgradering og vedlikehald; som dei andre barnehagane i kommunen. Det som har vore, og framleis er den store utfordringa, er å ha nok kvalifisert personale til ein kvar tid og tilgang til stabile vikarar ved sjukefråvær.

Vel å ikkje kommentere budsjett og økonomi så utbroderande her. Dei store postane i budsjettet er knytt til sjukefråvær, lønn og pensjon. Det var eit stort overforbruk av sjukevikarar, men det var også eit stort overskot på sjukepengar inn. I og med det til tider mangla vikarar og ein måtte bruke kvarandre, styrar og til tider gjekk underbemanna, kan ein til slutt bruke økonomisjefen sine ord: «Stordal Barnehage gjekk med overskot på å ha sjukdom i personalgruppa»



## 10.2 Syltebøen barnehage

Syltebøen barnehage har tre avdelingar, pluss ei mellombels avdeling i lokala til Elvetun. Vårhalvåret starta opp med 49 barn. 34 over 3 år og 15 under 3 år. Dette utgjør 64 plassar. I løpet av våren vart barnehagen for liten og frå 1. april vart det opna ei ekstra avdeling for 4 barn og til saman vart det då 53 barn og 68 plassar.

Hausten var det nødvendig å halde fram med den fjerde avdelinga og omorganisere slik at det vart to småbarnsavdelingar. Ved oppstart var det 51 barn. 28 over 3 år og 23 under 3 år. Dette utgjorde til saman 76 plassar.

Barn fordelt på årskull desember 2022:

<b>Født år:</b>	<b>Antal barn</b>
<b>2017</b>	12
<b>2018</b>	13
<b>2019</b>	4
<b>2020</b>	11
<b>2021</b>	13

I løpet av året har det vore mellom 13,5 og 16 årsverk. Det har ikkje vore pedagogiske leiarar på dispensasjon. I tillegg til barne- og ungdomsarbeidarar og assistentar var ein barnevernspedagog tilsett.

### **Byggeprosess**

Denne prosessen har vore tidkrevjande både med planlegging av nytt bygg og oppgradering av det gamle. Når det ikkje skulle vere drift i barnehagen i ombygingsperioden det vore planlegging av alternative løysingar for lokaler og planane har vore klare for korleis ein skulle omorganisere barnegrupper og personale. Etterkvart som tidsperspektivet har vorte endra har også planane måtte endrast.

### **Midlertidig avdeling**

Sidan barnehagen er for liten vart det opna ei midlertidig avdeling på Elvetun. 15 barn har halde til der.

### **Økonomi**

Det er investert i litt nytt inventar grunna utviding frå ei til to småbarnsavdelingar og i tillegg enno ei avdeling. På grunn av at det var planlagt ombygging vart dette gjort så rimeleg som muleg for heller å investere i nytt inventar ved flytting inn i renoverert bygg. Det har elles ikkje vorte gjort store investeringar.

### **Sjukefråvær**

Det har vore eit alt for høgt sjukefråvær i personalgruppa, med fleire langtidssjukmeldingar og høg bruk av eigenmeldingar.

Barnehagen deltok på opplegget til NAV «Ein bra dag på jobb.» Dette har ikkje hatt noko effekt på sjukefråværet. Det har kanskje ikkje jobba grundig nok med temaet, men ein kom nok ikkje til kjerna av årsakene til sjukefråværet. Tilnærminga var for praktisk og på eit overfladisk plan i tiltaka. Sjukefråværet går ut over drifta fordi det vert for lite stabilitet i personalgruppa. Mykje av tida til styrar går med til å få dagane til å henge saman. Det går også ut over utviklingsarbeid og andre administrative oppgåver. Det er problem å finne

dagar der det nok personale til å gjennomføre dei møta vi har planlagt. Arbeidet for å få ned sjukefråværet må halde fram.

På siste møtet som var i «Ein bra dag på jobb» i haust, var det oppgåve med å finne ut korleis det skal arbeidast vidare med arbeidsmiljø. Temaet vart å gå for å utvikle vaksenrolla. «Korleis er rolla vår overfor barn, foreldre og kollegaer?» Sjølv om dette er eit stort område, er det grunn til å tru at når ein arbeider med vaksenrolla mot barn og foreldre, vil det også ha ein positiv verknad på korleis personalet samarbeider. Å ha eit godt arbeidsmiljø er ein viktig faktor for å få ned sjukefråværet.

### **Kompetanseheving**

Styrar fullførte styrarutdanninga i desember. Ein av barne og ungdomsarbeidarane våre starta på barnehagelærarutdanning i haust. I vårhalvåret var det lærling.

Når Kunnskapsdepartementet starta opp Rekomp var det sendt påmelding på utviklingsarbeid i bruk av digitale verktøy. Personalgruppa hadde svært lite erfaring med dette, så arbeidet måtte starte heilt på botnen. I byrjinga var det fokus på å vere bevisst på å bruke bilete i ulike situasjonar. No har ein kome eit steg vidare og har begynt å sjå på anna utstyr ein kan lære oss å bruke. Eit nødvendig arbeid. Ein av plandagane vart brukt til felleskurs Rekomp i Ålesund. Det er innkjøpt projektor som skal brukast i det pedagogiske arbeidet med barna.

To pedagogiske leiarar har vore på kurs om språktrening gjennom logopedforeininga. Dette var eit praktisk og nyttig kurs og dei har vidareformidla tips og idear til resten av personalgruppa.

I april vart det gjennomført førstehjelpskurs for heile personalgruppa. Dei som ikkje hadde anledning til å delta i Valldal deltok i Dalsbygda og Stordal.

På personalmøta og pedleiararmøta er det arbeidd med utviklingsarbeid for rammeplanen. «Korleis ser vi rammeplanen i planane til avdelinga og det pedagogiske arbeidet og korleis blir arbeidet med rammeplanen dokumentert?» Dette er noko som må arbeidast mykje meir med.

Fleire i personalgruppa deltok på eit kurs Utdanningsforbundet inviterte til med «Helsesista» der tema var barn og unges psykiske helse.

Styrar deltok på Utdanningsforbundet sitt to dagars kurs om partssamarbeid.

På personalmøtet i november var det oppstart på arbeidet med utvikling av vaksenrolla.

### **Diverse**

Frå 1.1 22. har det vore timeregistrering i Visma tid. Det har vore litt oppstartproblem, men det har gått bra. Eit flyktingbarn frå Ukraina i vart teke i mot i barnehagen i desember.





### Mål for barnehagen vidare

- Få ned sjukefråværet og få eit stabilt miljø for barn og personal
- Få utbetra dei fysiske forholda i barnehagen
- Arbeide vidare med utviklingsarbeid gjennom Rekomp
- Halde fram med å utvikle vaksenrolla
- Halde fram med å fokusere på rammeplan for barnehagar som arbeidsvektøy

### 10.3 Dalsbygda barnehage

Dalsbygda barnehage vert definert som ein avdelingsbarnehage, men då barnetalet er for høgt til å vere samla på ei avdeling er det oppdeling i to grupper; storbarn og småbarnsgruppe. Då det er få barn som kjem tidleg og for å bruke personalressursen på best måte har ver det hausten 2022 berre vore ei tidlegvakt, for så å dele opp i grupper når mellomvakta kjem. Det er og samarbeid mellom gruppene på ettermiddag.

Det er SFO på barnehagen kvar onsdag og annakvar torsdag, heile dagar. Tidlegare har dette gått greitt med den personalressursen som allereie er i barnehagen då mange barnehagebarn har hatt fri desse dagane, men i 2022 har dei fleste barna hatt 100% barnehageplass. Dei dagane det ikkje har vore muleg å få vikar på plass for SFO, har styrar vore på avdeling.

Ressursar	Vår 2022	Haust 2022
<b>Antal tilsette</b>	6	6
<b>Antal årsverk</b>	5,2	5,3
<b>Antal barn</b>	17	16
<b>Antal barn SFO</b>	2	5
<b>Spesialundervisning</b>	1	1

Født år:	Tal på barn:
2016	7
2017	5
2018	1
2019	4
2020	5
2021	1





Det er eit stabilt personale med lavt sjukefråvær, det er bra då det til tider er vanskeleg å få tak i vikar. I 2022 har det vore kun ein pedleiar, på «Lisjeavdelinga» har er det søkt om dispensasjon; der er det ein barne- og ungdomsarbeider som fungerer som pedagogisk leiar.

Då ein veit at «det er oss det kjem an på» er det eit klart ønskje om heile tida å ha utvikling. Det vert jobba jamt med utviklingsarbeid; i 2022 er «Ein bra dag på jobb» og «Rekomp-Digital kompetanse i barnehagen» gjennomført. Personalet ser fram mot eit nytt år med Rekomp, då med tema leik.

Det er sett opp fanggjerdje oppover mot utmark og ur i barnehagen. Det var bra for gjerdet har allereie tatt imot ein stor stein. Då det må vere ei sikkerheitssone på 10 meter nedanfor gjerdet, kjem diverre ein del av leikeområdet oppe på «Lisjeavdelinga» bort.

Budsjettramma for 2022 vart halden.

### Mål for barnehagen vidare

1. Ein vil fortsette å jobbe for at barnehagen skal vere ein god plass for barn, foreldre og Tilsette. Fokus skal framleis vere på gode relasjonar og gi barna god relasjonskompetanse på vegen vidare.
2. Ein skal fortsette å jobbe for å vere gode forbilde.
3. Få til eit fint uteområde igjen, det vert planlagt dugnad hausten 2023.
4. Få oppgradert kjøkkenet på «Lisjeavdelinga».
5. Arbeide for å behalde flinke og trygge vikarar.
6. Ha fokus på utvikling; det er dei tilsette det kjem an på og då er det viktig å ha personalutvikling med som eit mål og fokusområde.



## 10.4 Stordal skule / SFO

### SKULE

Talet på elevar ved Stordal skule hausten 2022 var 97. Klassestorleiken varierer frå 2 til 17 elevar. På grunn av desse variasjonane har det blitt samanslåing av klasser på barnesteget, men undervisninga i norsk, matematikk og engelsk er delvis skjerma. I 5.- 10. kl. er det samanslåing av klasser i fag som kroppsøving, musikk og arbeidslivsfag. Ved organisering av klassesamanslåing blir det teke omsyn til både det pedagogiske og klassestorleik.



Det var 28 tilsette ved skulen, lærarar, barne og ungdomsarbeidarar/ assistentar og merkantilmedarbeidar med ulike stillingsprosentar.

Målsetting for Stordal skule er å skape eit inkluderande læringsmiljø med vekt på sosial kompetanse, motivasjon og livsmeistring.

Delmål:

1. Vidareutvikle god og inkluderande undervisning med vekt på motivasjon, psykisk helse og livsmeistring.
2. Vidareutvikle relasjonskompetanse - å ha god dialog og samspel i personalet, med elevane og med heimane.

Denne målsettinga var lagt til grunn når det hausten 2022 vart arbeidd med verdigrunnlaget til skulen. Fokus var på både haldningar, kunnskap og handlingar. Ein har også vore opptatt av å nytte prinsippa frå god klasseleiing og tilpassa opplæring for å skape inkluderande undervisningsøkte. Lærar legg vekt på proaktiv leiing av åtferd i klasserommet, og legg til rette for ein samarbeidskultur mellom lærar og elevar, og mellom elevane, og eit trygt og føreseieleg klassemiljø. Lærar modellerer toleranse for mangfald og ser på ulikheit som normalt.

Skulane i Fjord kommune fekk psykolog, foredragshaldar og forfattar Trond Haukedal inn for å halde foredraget «Å bli mitt beste jeg» til ungdomstegselevane. Tema her var korleis unge bør tenke for å bygge seg eit liv og ei framtid der dei er trygge og bevisste på kven dei er. For tilsette i skulen var «Jakten på den indre motivasjonen» tema. Dette var eit inspirasjonsforedrag om korleis vaksne kan vere gode rollemodellar og medspelarar til dei unge slik at dei blir trygge, bevisste og har ein strek indre motivasjon for å gjere sitt beste på skulen og i kvardagen.

Bruk av opplæringsmateriellet «Livet og sånn», har halde fram i alle klassene ved skulen. Dette er eit opplæringsmaterieil for folkehelse og livsmeistring som er utarbeidd av Ålesund kommune med støtte frå Møre og Romsdal fylkeskommune. MOT er også eit viktig bidrag inn mot ungdomsskuleelvane for å skape robust ungdom som inkluderer alle.

Det har også dette året vore fleire langtidssjukmeldingar, og noko korttidsfråvær. Dette er løyst utan å ta inn vikarar utanfrå, men det medfører meir belastninga på dei tilsette, noko som sjølvst er uheldig.

Ein lærarar tek etter- og vidareutdanning i kroppsøving frå hausten 2022. Nokre av bygga til Stordal skule har stort behov for vedlikehald.



### Skulefritidsordning- SFO

Barn totalt pr. 1. januar var 21 stk. Ved start nytt skuleår august var det 17 stk., berre 7 av desse hadde ferie-SFO. Litt reduksjon i tal på timar/dagar pr. barn utover hausten. Ekstra inntekt av sokalla kjøpeplassar kr. 9117,75. SFO har også ansvar for 3 barn frå småskulesteget medan dei ventar tre kvarter på skuleskyss til Dalen.

Det er 6 tilsette i SFO med varierende stillingsstørrelse frå 6 til 17 timar pr. veke. Det har vore ei langtidssjukemelding mesteparten av året.

Fagleg har personalet arbeidd med ny Rammeplan, og delteke i digitalt, gratis kurs «Med lek som kompass» i regi av Fagforbundet.

SFO har lojale og fleksible arbeidstakarar.





## 10.5 Valldal skule/SFO

Valldal skule hadde dette året 137 elevar frå 1-10. klasse, fordelt på ei klasse på kvart trinn med gjennomsnittleg 14 elevar pr. klasse. Skulen har hatt 13 elevar frå Liabygda. Klassar på ungdomssteget er slått saman i valfaga, tysk, arbeidslivsfag og kroppsøving. 3-4.kl. samarbeider i fleire fag.

Det har vore 34 tilsette med lærarar, miljøterapeutar, barne- og ungdomsarbeidarar/assistentar og merkantilmedarbeidar fordelt i ulike stillingsprosentar.

Dette året har 15 elevar hatt vedtak om spesialundervisning, og 6 elevar med særskilt språk-/norskopplæring. Fleire elevar har også tilbod om å nytte alternativ opplæringsarena på Krikane gard i delar av skuletida.

Målsettinga i 2022 for Valldal skule var å vidareutvikle den digitale kompetansen til dei tilsette, og kunne nytte ulike digitale verkty for ei betre tilpassa opplæring. Det har personalet blitt mykje flinkare til, men ein opplever enkelte vanskar når det gjeld funksjon av tavler/skjermar og pc som er av gamal og dårleg kvalitet. Målsettinga er nådd om at alle elevar, lærarar og dei fleste føresette nyttar Itslearning som læringsplattform. I samband med ny læreplan og nye kompetansemål må ein gjere innkjøp av nye læreverk, og der har ein grunna innsparingsbehov ikkje fått kjøpt inn det som det er behov for. Enkelte av læreverka er frå tidleg på 2000-talet, og lisensar på oppdaterte digitale læreverk er også kostbare.



Koding av robotbilar



Trygg i vatn – symjeopplæring i sjø

MOT sitt program på ungdomssteget har vore i eit viktig bidrag i arbeidet med å skape eit godt læringsmiljø ved å utvikle robust ungdom som inkluderer alle. Det er også no Unge MOTivatorar som er med på å legge til rette for kjekke fellesaktivitetar blant elevane, og ikkje minst planlegge konsert og aktivitetar i arrangementet MOT til 1.mai.

I vår vart «Livet og Sånn» teke i bruk i alle klassane ved skulen. Dette er eit opplæringsmateriell for folkehelse og livsmeistring som er utarbeidd av Ålesund kommune med støtte frå Møre og Romsdal fylkeskommune. I haust har det vore styrka fokus på psykisk helse ved både å gi dei tilsette kompetanseheving innan tema, og elevane ulike strategiar for handtering av det som kan vere vanskeleg. Alle skulane hadde temadag med psykolog Trond Haukedal.

Skulen har hatt tre lærarar på vidareutdanning, to i faget mat og helse og ein i spesialpedagogikk. Tre lærarar har i haust delteke på kompetanseheving innan programmering i regi av Sunnmøre regionråd og NTNU.

Fleire tilsette har vore i langtidssjukemelding gjennom heile året, i tillegg til ein del korttidsfråvær. Dette har skapt ein lite føreseieleg personalsituasjon, då med store utfordringar i å finne vikarar som er fagleg kvalifiserte og som kan stette alle behova i skulen.

Det er også eit større behov for vedlikehald av bygningane og uteområdet til skulen om det ikkje skal forfalle heilt, og gi dyre kostnader på sikt.

### **Skulefritidsordning -SFO**

SFO har 22 barn på heil-/ eller deltidsplass frå 1-4.klasse.

Det er i alt 4 tilsette med ulike stillingsstørrelsar knytt til SFO, samla rundt 1,7 årsverk. Desse stillingane er kombinerte med assistentstillingar i skulen. Alle har anten fagbrev i barne- og ungdomsarbeidarfaget, eller er miljøterapeutar. I haust har ein også vore so heldig å ha ein læring knytt til skule og SFO.

På SFO har det vore gjennomført aktivitetar knytt til ulike årstider, turar i nærområdet, matlaging og mykje frileik ute og inne. Personalet har hatt fagleg oppdatering og arbeid med ny rammeplan for SFO.

Langtidssjukemeldingar i ulike prosentlar har vore ei utfordring på SFO dette året. Dette har ført til ein del innleige og skifte av vikarar, samt utfordring med å ha nok personale til å kunne oppretthalde opningstidene både tidleg og seint på dagen. Det har likevel vore muleg å få det til å gå i hop, utan det har gått utover tilbudet til elevar og føresette.

Tilbod om SFO med søskenmoderasjon og gratis plassar for familiar med låg økonomi gir eit økonomisk overforbruk.



Matematikkdag

## 10.6 Fjord vaksenopplæring

Fjord vaksenopplæring har hatt to tilsette i ca. 85% stilling til saman.

Det har vore 5 elevar for vaksne med nedsett funksjonsevne dette året. Desse elevane har hatt undervisning opptil 3 timar fordelt på to dagar pr. veke. Ei gruppe i lokala til ungdomsklubben på Martin Linge huset, og ei gruppe i samarbeid med Byrg/Glimt i deira lokale. Desse elevane har fokus på vedlikehald av grunnleggande ferdigheiter innan lesing, skriving, rekning, digital kompetanse og kvardagsferdigheiter.

Frå august til desember vart det gjennomført norskopplæring for 4 innvandrarak med rett og plikt, 5 flyktingar frå Ukraina og 8 arbeidsinnvandrarak frå bedrifter i Fjord kommune og frå Geiranger. Desse har hatt opplæring ein kveld og ein heil dag, totalt 9 timar pr. veke.

Det har også vore gjennomført to prøver i samfunnskunnskap for personar som skal søkje om statsborgarskap.

Tilskot frå IMDI og kursavgifter/inntekter gjer at vaksenopplæringa hadde eit økonomisk mindreforbruk.



## 10.7 Eidsdal skule / SFO

### Kort skildring av verksemda

Barne- og ungdomsskule. Elevtal 2021/2022 er 55 elevar. Skulen er organisert fådelt slik at dei ulike trinna delvis går saman. 1 - 2 klasse og 3 - 4 klasse går saman. Mellomtrinnet går saman i mange timar og ungdomstrinnet går saman i mange timar. Dette inneber ein kostnadseffektiv driftsmodell.

Skulen er midt i verdsarvområdet for fjordlandskapet. Skulen definerer seg som ein verdsarvskule. Dette inneber turar til nære lokalitetar i verdsarvområdet og undervisning med tilknytning til desse. Planverket ved skulen har i seg mykje fokus på verdsarvområdet der dette vert knytt naturleg til læreplanmåla. Det har vært jobba med rullering av planverket for verdsarvskulen Eidsdal.

Gjennom året har skulen vidareført prosjektet Urørt. Her har vi hatt finansiering gjennom vernemyndigheitene på fylkesnivå. I prosjektet har vi samarbeidd med friluftsrådet. Prosjektet har gitt skulen moglegheiter til turar for alle trinna gjennom året. Fokus har vore berekraftig bruk av våre nærrområde innanfor verdsarvområdet.

Bemanning/Elevar	2020	2021	2022
Tilsette	13	16	17 + 1 engasjement knytt til flyktning
Tilsette, årsverk	11,4	11,4	13,4
Antal elevar	52	49	55
Antal barn på SFO	6	7	7
Barn med spes.undervisning	9	10	9

### Kommentar til drifta

I påvente av renovering er mat og helse gjort unna for to kull på både mellom- og ungdomssteg. Planar tilseier at ein ikkje vil ha tilgang til skulekjøkken neste skuleår. Noko meirkostnader i år og tilsvarande mindre neste år.

Eidsdal skule har stor stabilitet i kollegiet, med svært låg turnover. Skulen har historisk òg hatt lågt sjukefråvær. Dette året har imidlertid vore prega av høgt fråvær knytt til foreldrepermisjon (3 stk) og sjukdom, både kort- og langtid. Vanlegvis vert det lagt om til symjing ein gong etter jul. Sjukefråvær har gitt skulen eit behov for omlegging av timeplanar fleire gonger gjennom året (totalt 6 gonger) knytt særskild til foreldrepermisjon, noko som har vore krevjande. Det har vore utfordrande og rekruttere lærarar med relevant kompetanse og til kortare vikariat. Skulen har i utgangspunktet 11 lærarar der to har redusert stilling i 60% og 80%. Grunna permisjonar og sjukemelding har det totalt vore tilsett opptil 17 personar gjennom året inkludert vikarar.

Rektor og ein inspektør har utgjort totalt 110% administrativ ressurs. Skulen har ikkje merkantilt personale tilsett. Rektor har og overordna oppgåver innan digital kompetanse/IKT i oppvekstsektoren i om lag 30% stilling.

Gjennom året har ein brukt fellestida blant anna til Udir sin kompetansepakke om «Trygt og godt skolemiljø». Arbeidet har og vært følgt opp i arbeidslaga, som er organisert på trinnnivå.

Som eit ledd i den digitale kompetansehevinga har stadig meir av skulen sin informasjon til, dialog og kommunikasjon med kollegiet, vore flytta over på digitale plattformer. Skulen har og kome langt i bruken av IST som det skuleadministrative systemet. Det inneber blant anna personleg tilpassa timeplan for kvar elev tilgjengeleg på nett. Også foreldre har pålogging og kan følgje med i sine barn sin fråværslogg og karakterar.

Eidsdal skule har vorte medlem i UNESCO sitt Associated Schools Network, eit skulenettverk som satsar på internasjonalisert undervisning. [The World Heritage in Young Hands](#) er eit av ASPnets flaggskip-prosjekt og passar godt for Eidsdal skule som ein verdsarvskule. ASPnet er eit globalt nettverkt med 35 medlemsskular i Noreg og rundt 10 000 medlemsskular på verdsbasis.

Eidsdal skule har òg knytt seg til FN-sambandet og vorte FN-skule. Dette gir skulen tilgang til eit nettverk av skular og undervisningsmateriell knytt til fagfornyninga. FN-sambandet har mange og gode lærerressursar knytt til berekraftsmåla.

Skulen har hatt ein lærar på vidareutdanning i faget kunst og handverk.



## Skulefritidsordning SFO

SFO har 7 barn på heil-/ eller deltids plass frå 1-4.klasse. Det er ein tilsett i 40% knytt til SFO, i tillegg er det samarbeid med Dalsbygda barnehage når elevane har fri onsdagar og annankvar torsdag. Knytt opp mot bemanningsnorma utløyser dette ekstra behov for ressursar.

På SFO har det vore gjennomført aktivitetar knytt til ulike årstider, mykje frileik ute og inne. Den tilsette har jobba med ny rammeplan for SFO.

## Mål for verksemda 2022

Mål 1	Videre utvikle sosialt og faglig læringsmiljø
Mål 2	Kompetanseheving knytt til skole- og læremiljø. Udir sin kompetansepakke Kompetansepakke om trygt og godt skolemiljø
Mål 3	Kompetanseheving innan digital kompetanse for elevar og tilsette

Eidsdal skule har stort behov for renovering. I samarbeid med teknisk avdeling har det vore brukt mykje tid i arbeidsgruppa for renovering for å legge planer for utbetringa av skulen.

## 10.8 Kulturskulen

Fjord kulturskule er organisert som ei eining med to avdelingar og tre undervisningsstader – Stordal, Valldal og Eidsdal. Fleire av lærarane underviser i begge avdelingar. Frå hausten 2022 har kulturskulen hatt 115 ordinære elevplassar fordelt på 94 elevar. Dette er omlag samme antall elevar som i de de foregående skoleår.



### Tilbod

Kulturskulen har det siste året hatt tilbod i ulike musikkfag: opplæring på treblåseinstrument, messinginstrument, slagverk, fele, piano, song, gitar og «Musikksprell».

Gruppetilbodet «Musikksprell» er for småskuleelevar, og har frå hausten 2022 vore eit tilbod i både Stordal og Valldal.

Opplæringa på blåseinstrument er i samarbeid med dei tre skulekorpsa i kommunen. Frå hausten 2022 har vi gitt tilbod om «Korps i skulen» for elevar i 3.-4. klasse ved Valldal skule - eit samarbeid mellom kulturskulen, Valldal skulekorps og musikk lærarar ved Valldal skule. Dette er ei viktig satsing som har samarbeid med grunnskolen og tverrfaglegheit i sentrum som ein del av vegen til det gode livet.

Frå hausten 2022 har kulturskulen også gitt tilbud om «Biletkunst». Dette er eit tilbud på tvers av avdelingane med undervisning i Stordal. Instruktør/lærer har vore den lokale kunstnaren Sølvi Lill Seljebotn.

I 2022 gav vi også eit tilbud innan dans. Dette har ikkje vore eit fast tilbud, men har vorte gitt over to prosjektperiodar på ca. 2 månader.

Frå hausten 2022 har kulturskulen også lukkast med å starte opp band; dette er positivt etter ein lang covid-19 periode som hindra samspill og bygging av sosiale relasjonar.

Kulturskulen tilbyr dirigenttenester for skulekorpsa med 30% subsidiering av utgiftene. Valldal skulekorps og Stordal skulekorps har nytta seg av tilbudet i 2022 medan Eidsdal musikkorps takka nei og leiger dirigent privat.

I Valldal har kulturskulen hatt eit tilbud om tilrettelagt musikkaktivitet for vaksne brukarar. Kulturskulen har også med sine lærar teke vel i mot fleire nye flyktningar i kommunen.

### **Personalressursar**

Ressursar	2022	2021
Antal årsverk	2,3	2,5
Herav administrasjon	0,5	0,5

I 2022 er det etablert eit godt samarbeid mellom avdelingane, og ein arbeider med å skape endå betre tilbud og samtidig nytte dei fantastiske lærarressursane som er i kulturskulen. Utfordringa er at det framleis er mange tilsette i små delstillingar, og er i stor grad avhengig av å leige inn lærarar frå andre kulturskular. Dette gjer samarbeidet mellom lærarane meir utfordrande, då alle har andre hovudarbeidsgjevarar og dermed vanskar med å kunne møtast ofte nok i det daglege, til møter, konsertar, mm.

### **Konsertar/aktivitetar**

På grunn av pandemien vart ikkje alle arrangement gjennomført som vanleg på våren 2022. Likevel lukkast det å gjennomføre ein feiande flott kulturskule-sommaravslutning 22/6 i Martin Linge-huset, Valldal. Både store og små frå heile Fjord kommune var samla på ein stad for ei felles oppleving. «Felles for dei alle som opptredde var dei viste stor glede over å halde på med nettopp det dei held på med. Og ikkje minst, dei hadde tydelig stor glede av å vise fram kva dei ha lært dette året i kulturskolen», skreiv Storfjordnytt 23. juni – ein fin omtale av kor viktig det er å legge til rette for at barn og unge har møteplassar.

Spesielt flott var det å kunne bidra musikalsk då kongeparet kom på besøk til Fjord kommune 30. august – dette var den perfekte kickstart på nytt skuleår, hausten 2022.

Utviklingsmøter i personalgruppa med fast intervall frå starten og gjennom heile skuleåret har gjeve ny energi etter den lange covid-19 perioden. Det vart mulig for kulturskuleelevane å bidra musikalsk i kommunestyremøter. Til alle si glede vart det ordentleg, tradisjonell jul med kulturskulekonsertar 12. desember i Stordal Kyrkje og 15. desember i Sylte Kyrkje, slik at kulturskulen kunne oppfylle eigen intensjon om å skape møteplasser og muligheit til samhandling mellom kulturskuleelevane.

## 10.9 Biblioteka

Biblioteka i Fjord er ein viktig informasjonsaktør i Fjord kommune. Vi skal vera ein oppdatert og aktuell aktør i samfunnet. Biblioteka er ikkje lenger berre ein plass ein går for å låne bøker, men møte andre menneske, delta på kulturarrangement, diskuterer aktuelle tema i nærmiljøet eller berre snakka om noko som engasjerer kvart enkelt individ. Alle skal vere velkommen; uavhengig av sosioøkonomisk status. Biblioteka er mykje brukt utanom normal opningstid av mellom anna Seniornett, småbarnstreff og «Kviss på dagtid», som har faste dagar.

Biblioteka i Fjord har gått frå å ha 1,90% stilling til 1,40% stilling fordelt på Eidsdal, Stordal og Valldal. Det har vore lite sjukefråvær i eininga ved alle tre filialane.

Avdeling Stordal er eit kombinasjonsbibliotek, 40% stilling folkebibliotek og 10% stilling skulebibliotek. Biblioteket i Valldal er stengt ein dag meir no enn i 2021, på grunn av at biblioteksjefen også må bemanna Eidsdal bibliotek. Mot slutten av 2022 slutta biblioteksjef Berit Hjertø og Sverre Bjørn-Nielsen tredde inn som konstituert biblioteksjef.

Den tidlegare biblioteksjefen, Berit Hjertø, sat i styringsgruppa for prosjektet «Valldal 2029». Valldal har eit særskilt ansvar for markeringa i 2029 : Nasjonaljubileet Norge i tusen år 2030 [Forside 2020 - Norge i tusen år \(norgeitusenaar.no\)](https://www.norgeitusenaar.no). Hjertø sat også i kulturteamet og UNG kunst og kultur gruppa, og vart med å utarbeida «Kulturplan 2023-2031».

Biblioteka hadde fleire forfatterbesøk og kulturarrangement for alle aldersgrupper i lokalbefolkninga. Samarbeidet med fylkeskommunen held fram, og held fram inn i 2023. Sjakklubben i Valldal og Eidsdal har vore ein suksess igjennom 2022. Besøksstalet sokk frå 8022 til 5355 i 2022. Det er vanskeleg å gje ei enkel forklaring på dette. Men to av tre bibliotek har fått vesentleg redusert opningstid på grunn av nedbemanning.

Bortsett frå ein budsjettsprekk på 10.981 kroner i «Materiell til utlån i bibliotek» er det ikkje mykje å kommentera med rekneskap 2022. Det vart følgt nøye opp av Berit Hjertø, og ved fleire postar brukt vesentlege mindre eller ingenting av det som var budsjettet.

## 10.10 Ungdomsarbeid/Ungdomsklubbane

Ungdomsklubbane er viktige tilbod for ungdommane i Fjord kommune. Det er tre ungdomsklubbar i kommunen – der alle tre har ulik organisering. Alle klubbane er godt besøkt, men det har i 2022 vore færre besøkande på kvar av klubbkveldane enn tidlegare.

Stordal ungdomsklubb er kommunal og hadde i 2022 budsjett som berre dekker halve husleiga. Dagleg leiar av frivilligsentralen koordinerer ungdomsklubben og har to til tre vakter i løpet av sesongen. Klubbkveldane er på laurdagar, der foreldre til elevar i ungdomsskulen er vakter. Ungdomsklubben er samlokalisert med frivilligsentralen og driftar også musikkverkstaden. Ungdomsklubben leiger ut lokalet til barnebursdag og private.

Sylte ungdomsklubb i Valldal har frå 2016 vore ein foreldrestyrt, frivillig organisasjon og disponerer to rom gratis i ML-huset. Har klubbkveldar onsdagar, i tillegg til open hall ein fredag i månaden.

Eidsdal ungdomsklubb er foreldrestyrt. Fjord kommune betaler husleige for ungdomsklubben sin bruk av Røde Kors-huset. Eidsdal ungdomsklubb har klubbkveldar om lag ein fredag i månaden.

Det er prosess på gang for organisering av klubbane, for å få meir lik organisering av alle tre klubbane.

Det er ikkje definert stillingsprosent knytt til koordinering av Stordal ungdomsklubb eller koordinator for barn og unge.



Klubbkveld i Stordal

## 10.12 Frivilligsentralane

### **Stordal frivilligsentral og Frivilligsentralen i Norddal**

Frivilligsentralane blir drifra ut frå lokale føresetnader og behov. Aktivitetar byggjer på frivillig innsats, bidreg til å skape sosiale møteplassar og legg til rette for lokal frivillig verksemd. Det har vore 1,5 årsverk knytt til sentralane, 100% i Stordal og 50% i Valldal. Sentralane har felles vedtekter.

Frivilligsentralane har sidan oppstart vorte ein møteplass og arena for mangfaldig aktivitet i kommunen. Frivilligsentralane har ei lang rekkje tiltak og lågterskel aktivitetar retta mot ulike aldersgrupper og personar med ulike funksjonsnivå. Nokre av aktivitetane er i samarbeid andre einingar, lag og organisasjonar eller enkeltpersonar. Det har vore eit nært samarbeid mellom dei to sentralane i 2022.

Frivilligsentralane har god oversikt over lag og organisasjonar i kommune og via e-post informerer vi om ulike tilskotsordningar og andre aktuelle saker knytt til frivilligheita. Lag og organisasjonar blir årleg invitert til frivilligforum i regi av frivilligsentralane.

Frivilligsentralen i Norddal er samlokalisert med biblioteket på rådhuset i Valldal. I lokalet er det aktivitetar både i regi av frivilligsentral og bibliotek (i samarbeid eller kvar for seg) og i regi av frivillige. Lag og organisasjonar kan låne lokalet gratis til møte og aktivitet. Faste aktivitetar i regi av frivilligsentralen er mellom anna frukosttreff (på stova på VTS), SOFA og Seniornett i samarbeid med biblioteket og småbarnstreff i regi av foreldre. I mai 2022 vart Naturmøteplassen på Øygarden i Valldal starta opp i samarbeid med Sunnmøre friluftsråd.



Frå naturmøteplassen og Sykkelturen 2022

Stordal frivilligsentral er samlokalisert med Stordal ungdomsklubb i Stordal Næringsbygg. Fast opningstid to dagar i veka og både i opningstida og utanom er det aktivitet i regi av sentralen og/eller i regi av frivillige lag og organisasjonar. Lag og organisasjonar kan låne lokalet gratis til møte og aktivitet. Ungdomsklubben leiger ut lokalet til private selskap. Faste aktivitetar i regi av frivilligsentralen er mellom anna herreklubb, dametreff, vaffeldag, strikketreff og Åpent hus for menneske med nedsett funksjonsevne.

Utstyrsbase for aktivitet og friluft er lokalisert i Stordal og drifta av Stordal frivilligsentral. Her kan alle låne gratis friluftsutstyr. Vi legg til rette for at lånarar kan hente/levere utstyr også i Valldal eller Eidsdal.

Den kulturelle spaserstokk (DKSS) er ei nasjonal kultursatsing som har som mål å sørge for profesjonell kunst—og kulturformidling av høg kvalitet til eldre. Ordninga skal også bidra til at eldre får eit tilpassa kulturtilbod der dei bur. Stordal frivilligsentral er ansvarleg for denne ordninga og står for søknad, rapportering og koordinering av kulturformidlarar til institusjonane.

Frivilligsentralane søker om eksterne midlar til ulike aktivitetar og utstyr – både til barn, unge og seniorar – også i samarbeid med andre einingar, som til dømes oppvekst og helse. I 2022 starta tiltaket Ope hus i Eidsdal som ein del av Leve heile livet-reforma. Dette er eit samarbeid mellom frivillige lag, næringsaktør og kommunen ved skuleelevar og frivilligsentral for å tilby middag og fellesskap til seniorar.

Fjord kommune deltok på den store sykkelturen, som var eit signalarrangement gjennom markeringa av Frivillighetens år i Norge. Det vart sykla både i Valldal og Stordal med rickshawsyklar.

Givarglede var starta opp til jul i 2021 etter eit privat initiativ og er no vidareført og etablert med eigen arbeidsgruppe. Dette er eit samarbeid mellom frivilligheita, kommunen og næringslivet der vi deler ut matkasser til jul og påske.

Frivilligsentralane var også involvert i både planlegging og gjennomføring av kongebesøket i august.





Dronning Sonja held tale under kongebesøket.

### 10.13 Folkehelsearbeid

Fjord kommune har 50 % stilling som folkehelsekoordinator. Folkehelsearbeidet er knytt til kommunalsjef oppvekst, kultur og næring .

Folkehelsearbeidet er hovudsakleg knytt til samfunnsutvikling (planarbeid), tverrfagleg førebyggjande arbeid og friluftsliv/fysisk aktivitet. Folkehelsearbeidet er knytt til frivilligsentralen og kultureininga.

Fjord kommune signerte samarbeidsavtale om God Helse og strategisk folkehelsearbeid med Møre og Romsdal fylkeskommune 2020-2023. Folkehelseoversikt for Fjord kommune vart utarbeidd i 2019 og Ungdata-undersøkinga gjennomført i 2020.

Folkehelsekoordinator er kontaktperson for prosjektet Berekraftfylket Møre og Romsdal. Koordinering av StikkUT! og arbeid med oppgåver knytt til friluftsliv, skilting og merking går kontinuerleg. I tillegg også kontaktperson for Sunnmøre friluftsråd.

Turstiprosjektet i samarbeid med verdsarvstiftinga i Geiranger skal sikre likskap i merking av turstiar i alle bygdene i Fjord og Stranda. Fjord fekk tildelt midlar for utarbeiding av plan for friluftslivets ferdselsårer, oppstart hausten 2022.

Det var oppstart av arbeid med statleg sikring av friluftsområde i Fjord. I samarbeid med Sunnmøre friluftsråd vart det søkt og tildelt midlar til sikring av Øyna (Langsætrane). Oppstart av naturmøteplassen i samarbeid med friluftsrådet.

Prosjektet *Valldal 2029*/pilegrimsarbeidet knytt til Valldalsleia er lagt til folkehelsekoordinator og Fjordhagen. Valldal og Møre og Romsdal er tildelt nasjonaljubileet i 2029 med tittel *Olav i folketradisjonen*. I regi av prosjektet vart det gjennomført foredrag på biblioteket, Valldalsleikonferansen. Valldalsleia bit for bit i sju etappar frå Sylte til Tunga i Rauma og synfaring på klosterstien med representantar frå fylkeskommunen.

Folkehelsekoordinator er kontaktperson for Norges Nasjonalparkkommuner i Fjord. Gjennomføring av årskonferansen i Valldal juni 2022 tok mykje tid, men vart vellukka og ei nyttig og fin oppleving for deltakarane. #minnasjonalparkopplevelse: Deltaking i aktivitet på sosiale media i regi av Norges Nasjonalparkkommuner.

Folkehelsekoordinator deltek i arbeidet med Leve heile livet-reforma, samarbeid om middagstilbod i Eidsdal.

Det vart gjennomført tre dialogmøte med innbyggjarane og over 200 personar deltok på arrangementet Eldre ut på middag, med støtte frå Statsforvaltaren.

Folkehelsekoordinator koordinerer og er kontaktperson for tverrfagleg førebyggjande forum for barn og unge i Fjord, der kommunale tenester og andre aktuelle instansar deltek. Saksbehandlar for spelemidlar for idrett og kultur med hovudansvar for søknadar knytt til tidlegare Norddal.

Andre oppgåver er arbeid med Fjord kommune si nettside og opplevfjord.no, universell utforming, korrektur og klarspråk.

## 10.14 Martin Linge-huset

### Kort skildring av eininga

Martin Linge-huset, offisielt opna oktober 2016. Bygget er inndelt i ein idrettsdel med ny og flott idrettshall og tilhøyrande fasilitetar. Kulturdelen rommar ein stor kultursal, 2 tilstøytande rom for mindre arrangement, 3 undervisningsrom for kulturskulen, samt lokale til ungdomsklubben i 3.etg.

I tillegg til faste treningar/øvingar gjennom året, er det i tillegg utleige av lokale til store og små arrangement. Driftskoordinator er tilsett i 30% stilling, i tillegg til reinhaldar og vaktmester.



### Aktivitet gjennom året

Treningar og øvingar har gått som normalt gjennom året. Frå hausten 2022 var vi oppe på tilsvarande nivå som før pandemien, når det gjeld aktivitet for lag og organisasjonar.

### Utleige

Utleige som gir leigeinntekter, er på veg oppover igjen. Men det manglar framleis litt for det er på 2019-nivå. Første halvdel av 2022 var prega av tilbakevendande smittebølger (korona), noko som mellom anna resulterte i at eit stort korpsstemne i juni vart avlyst. Bygdafesten derimot, laurdag 9.april, let seg gjennomføre. Denne gav gode inntekter til huset. Kalkulerte leigeinntekter har i 2022 ikkje nådd forventa nivå.

Kommunale arrangement, som kommunestyremøte, kursverksemd osv., har det vore ein del av. Store og gode lokale, som gir gode forhold for å overhalde smittevern, har gjort dette mulig. Kommunale arrangement gir derimot ikkje leigeinntekter. I tillegg har lag og

organisasjonar brukt huset, i den grad det har vore mulig, til medlemsmøter og anna møteverksemd.

### **Premiss/måloppnåing**

Første halvdel av 2022 delvis prega av tilbakevendande smittebølge. Dette har til dels verka på drift/bruk/utleige av huset også i 2022. Til tider lite aktivitet på huset, noko som gir lite inntekter. Inntekter frå hallreklame er stabil.

## **10.15 Stordalshallen**

### **Kort skildring av eininga**

Stordalshallen vart offisielt opna 25. januar 1997 og feira dermed 25 årsjubileum i fjor. Realisert takka vere unik dugnadsinnsats (over 30 000 timar), støtte frå lokalt næringsliv og at alle gode krefter spela på lag. Vidareføring av dugnadsånda - samt eit sær s vrellukka profileringskonsept - avgjerande for eineståande resultat også økonomisk.

Tilbygg til hallen ferdigstilt i 2014, også då med imponerande dugnadsinnsats. Over 2 000 dugnadstimar registrert. Samtidig samla Stordal IL inn kr 500.000 i gåver. Spelemidlar utgjorde rundt 33%.

Med over 2 mill brukt på utstyr bidrog dette også til at Stordalshallen vart sær attraktiv i høve til besøkande grupper. Stordalshallen vart av same grunn godt tilrettelagt for større og mindre arrangement. Dette - saman med ein eineståande dugnadsinnsats - gjorde sitt til at det vart stor aktivitet også i helgane, mest heile året rundt, og faktisk ei utfordring å finne ledig plass til alt. Drifta av Stordalshallen har på mange måtar vore ulik den øvrige kommunale drifta. M.a. har satsinga på profilering - både av seg sjølv og som ein del av profileringskonseptet - vore av avgjerande betydning. Inntektene ein kan vise til, taler for seg sjølv i så måte og dette har heller ikkje kome av seg sjølv.

### **Drifta i 2022**

#### **Jubileumsmarkering**

Den 25. januar var det 25 år sidan Stordalshallen vart offisielt opna. Pga pandemien vart jubileumsmarkeringa utsett. Denne vart gjennomført i lag med open hall - arrangementet den 29. desember. I tillegg vart dette markert m.a. ved å få på plass egne jubileumsskjorter. Tilbakeblikk på dei suksessfulle åra vart også formidla via facebookside og det var fine reportasjar i lokalavisene.

#### **Driftsavtale/heimeside m.m.**

Driftsstyret for Stordalshallen var sidan før samanslåinga tydeleg på kor avgjerande viktig det var å halde fram med den driftsmodellen som hadde vist seg vere ein slik suksess dei første 22 åra. Ikkje minst er det viktig at Stordalshallen har ei attraktiv heimeside til nytte både i høve til profileringskonsept, arrangements- og besøkshyppigheit m.m.

Den tidlegare heimesida er ikkje i samsvar med personvernreglane, og må derfor byggast opp på nytt slik også alle dei andre einingane i kommunen må gjere. Driftsavtalen skulle reviderast innan utgangen av 2022. Dette er ikkje gjennomført.

### **Økonomi**

I 2021 - eit år der pandemien framleis medverka til lågare leigeinntekter - syner rekneskapen at ein likevel gjekk i balanse. Dette igjen då takka vere relativt høge inntekter på profileringskonseptet.



I 2022 syner rekneskapen eit underskot på kr 47.000,-. Viktige årsaker til dette, vert nemnt nedanfor. Ein satsa dette året på å gjere det meir attraktivt å vere med som samarbeidspartnar ved å få på plass jubileumsskjorter der alle verksemdene var med (på ryggen). Kostnadane knytt til dette tilsvara om lag størrelsen på underskottet, men som peika på tidlegare er slike tiltak avgjerande for å behalde flest mulig verksemdar med på laget og å auke mulighetene for å få med nye.

Det høyrer elles med å nemne at inntektene knytta til Årsfestane ikkje var med i rekneskapen, verken i 2021 eller i 2022. Samla utgjer dette inntekter på om lag kr 80.000,-. I 2020 var overskottet frå Årsfesten på nærare kr 120.000, noko som tilsvara om lag kostnadane knytt til å få dei 50 nye borda på plass.

Profileringskonseptet er fortsatt den viktigaste årsaka til at Stordalshallen går bra økonomisk. Inntekter på kr 530.000 på det meste, men utviklinga peikar diverre i feil retning. På få år har ein gått frå kr 530.000 til kr 430.000 og det hastar å bremse tilbakegangen og etterkvart også få snudd denne utviklinga. Resultatet for 2022 stadfestar dette ytterlegare, med ei inntekt på rundt kr 370.000. Også leigeinntektene har gått betydeleg tilbake. Kr 111.000 er diverre langt under det som var vanleg tidlegare år.

Noko av årsaka til den nedgangen i inntekter ein opplever, skuldast truleg inntektstap under pandemien.



Frå jubileumsmarkeringa av Stordalshallen.

## 11 NÆRING

Ansvaret for næringsutviklingsarbeidet i Fjord kommune var i 2022 lagt til kommunalsjef for oppvekst, kultur og næring.

Strategisk næringsplan - «Gode vekstforhold» vart vedteken i kommunestyret 24.06.2021. Det vart også vedteke å opprette eit 2-årig prosjekt «Vekst i Fjord» frå 01.01.2022. I prosjektperioden var plan at det skal vurderast om der er grunnlag for å etablere eit selskap «Fjord Invest AS». I 2021 vart det gjort vedtak om ein prosjektplan som skal vere styrande i prosjektperioden. Som ein del av den saka vart det også sendt søknad til Møre og Romsdal fylkeskommune om fagleg og økonomisk støtte. Søknaden vart imøtekomen og Fjord kommune vil i prosjektperioden ( 2022 – 2023) ta mot inntil kr 2.150.000,-

Det er også oppretta ei styringsgruppe for prosjektet, med Reidar Andresen som styreleiar. Harald Espeland er tilsett som prosjektleiar i 40% stilling.

Avtalen med Fjordhagen AS om næringsutviklingsarbeid er vidareført for 2022 slik den har vore tidlegare. Konkretisering og prioritering av oppgåver knytt til næringsutviklingsarbeidet vert gjort i samråd med kommunalsjef.

Fjordhagen har jobba med å kome med i SIVA sitt næringshageprogram, og fekk i 2022 avtale med Nordveggen AS om å levere tenester og målbedrifter inn i Nordveggen AS sitt næringshageprogram i 2022. Nordveggen AS har i samarbeid med nodane Fjordhagen AS, Sykkylven næringsutvikling AS, Vestnes Næringsforum AS og Nettet Vekst fått avtale med SIVA om å vere programoperatør for næringshageprogrammet i 2023-2033. Saman skaper vi eit sterkt innovasjonsmiljø som kan tilby god hjelp og støtte til etablerte bedrifter som ønsker utvikling og vekst. Målbedriftene vil få hjelp til berekraftig forretningsutvikling, digitalisering, internasjonalisering og omstilling.

### Litt fakta

I følgje Statistisk sentralbyrå så var det 18 nyetableringar i Fjord kommune i 2022. Det er mykje lågare enn i 2021. Det er 7 etableringar per 1000 innbyggjarar i Fjord, lågare enn gjennomsnittet i Møre og Romsdal på 10 og landet elles på 14. Ei forklaring på det låge talet nyetableringar kan vere at i det i desse tala, ikkje er registrert ENK, og at det er forholdsvis mange nyetableringar i Fjord kommune som vel ENK som organisasjonsform framfor AS.

- 45,8 % av bedrifter i Fjord starta i 2015 hadde overlevd 5 år etter. Dette er mykje høgare enn både snittet for Møre og Romsdal som var på 28,4% og for landet som var på 26,5 %.
- Det har vore ein vekst i tal på sysselsette frå 2020-2021 på 3,3%. Dette er høgare enn både Møre og Romsdal (vekst på 2,3%) og landet totalt (vekst på 3%).
- Per 31.12.2022 hadde Fjord kommune 7 miljøfyrtårnsertifiserte bedrifter, dette er ei meir enn i fjor. Fleire bedrifter er i prosess med å bli godkjent. Ei bedrift er ISO14001-sertifisert.

## 11.1 Vekst i Fjord

Prosjektet Vekst i Fjord (ViF) hadde oppstart 01.01.2022. Målet for prosjektet er å etablere «Fjord Invest» og medverke til at verksemder i Fjord kommune kjem i posisjon til å kunne vekse og utvikle seg, m.a. gjennom å hente inn kapital. Vekst i Fjord er også handsamer av søknader til næringsfondet.

I 2022 deltok ViF i utarbeiding av fleire investorpresentasjonar frå verksemder, og deltok i planlegging/førebuing hos ytterlegare verksemder som kan bli aktuelle for kapitalinnhenting etterkvart.

Arbeidet med å etablere Fjord Invest starta opp i 2022. Mellom anna gjennom ei strategisamling der styret i ViF drøfta korleis Fjord Invest best bør organiserast. Konklusjonen blei å etablere Fjord Invest som eit investornettverk som verksemder i Fjord kommune kan legge fram investeringscase for. I starten av 2023 blei det avklart kva for investorar som kan tenke seg å delta i Fjord Invest. Alt ligg dermed til rette for ei snarleg etablering av dette nettverket.

## Organisering

Styringsgruppa for Vekst i Fjord har i 2022 hatt følgande medlemmar: Reidar Andresen (leiar), Eva Hove, Arne Krohn, Karl André Birkhol, Bente Nakken Nilsen, Hillevi Hovden og Bjørn Finnøy. Det har vore 5 styremøte (inkl strategisamling om Fjord Invest). Harald Espeland har vore tilsett som prosjektleiar.



## 11.2 Fjordhagen AS

Fjordhagen AS får eit årleg tilskot frå næringsfondet i Fjord kommune til å drive framhjelp av næringslivet i kommunen. Dei arbeider etter måla som er sett i gjeldande strategiske næringsplanar, og har levert ein full rapport for kva ein har jobba med og kva resultat ein har oppnådd i 2022. Her er eit utdrag av denne:

### 11.2.1 Nyetableringar og vekst/nyskaping i eksisterande næringsliv

#### **Førstelineteneste for eksisterande bedrifter**

Fjordhagen AS har totalt hatt rådgjeving til 45 etablerte bedrifter (eldre enn 5 år). Det har både vore rådgjeving i strategisk utvikling, digitalisering og kopling av nettverk og finansiering i søknadsprosessar for utvikling, vekst og innovasjon. Mange av bedriftene har fått hjelp til å søkje midlar frå både Innovasjon Norge, næringsfondet og andre finansieringskjelder.

#### **Førstelineteneste for nyetableringar – hoppid.no**

Fjordhagen AS har totalt hatt rådgjeving til 40 bedrifter/gründerar i oppstartfase 0-5 år. Det vert gjort avklaring kva etablerar/bedrifta treng av rådgjeving, kompetanse, finansiering mm., rettleiing i utarbeiding av forretningsmodell/plan og kopling av etablerarar/bedrifter med relevant nettverk og samarbeidspartnarar. Mange av bedriftene har fått hjelp til å søkje midlar frå både Innovasjon Norge, næringsfondet og andre finansieringskjelder.

### 11.2.2 Grunnarbeid for næringsutvikling

#### **Vedlikehald og utvikling av kompetanse- og finansieringsnettverket for gründerar og bedrifter i Fjord kommune.**

Ein stor del av arbeidet som Fjordhagen AS med framhjelp av næringslivet i kommunen, handlar om vedlikehald og utvikling av kompetanse- og finansieringsnettverket for gründerar og bedrifter i Fjord kommune. Dette handlar om deltaking på hoppid.no, nettverkssamlingar, forvaltning av hoppid.no, gründerstøtte, arrangere og marknadsføre kurs både i eigen regi og i hoppid.no-regi, arbeid i regionalt nettverk for næringsutvikling på Sunnmøre, kompetanseheving og sertifisering av rådgjevarar, oppfølging av Ungt Entreprenørskapsprogramma i grunnskulen, kopling av bedrifter i ulike samanhengar (styrekompetanse, mulege lokale underleverandørar), og løpande kontakt med alle viktige samarbeidsaktørar/verkemiddelapparatet.

Fjordhagen er også involvert i prosessar med arrangement som nasjonalparkkommunekonferansen, besøk av kongeparet, oppfølging av søknad om vinmonopol og plan for friluftslivets ferdsløyper for å nemne noko.

I samband med Covid-19-pandemien har det også i 2022 vore arbeid for å formidle informasjon om støtteordningar og kompensasjonsordningar

### **Fange opp og initiere prosjekt for næring- og lokalsamfunnsutvikling**

Fjordhagen AS har også ei rolle i å fange opp og få i gang samarbeidsprosjekt for næring- og lokalsamfunnsutvikling. Døme på prosjekt det har vore jobba med i 2022 er

- Tettstadutvikling Valldal og Norddal
- Skilting og skjøtsel av minnesteinar
- Cowork-prosjekt
- Mentor- og traineeordningar for innvandrarar som vil starte eiga bedrift
- Opplev Tafjord
- Elsykkeltur Åndalsnes-Valldal
- Midt-Norsk Siderlaug
- Regionalt partnerskap ÅKP
- Valldal – the Adventure Valley – omstillingsmidlar frå Innovasjon Norge
- Opplev Fjord nettportal
- Læringsatsing reiseliv støtta av MRfylke
- Bustadar for sesongarbeidarar

### **11.2.3 Vertskapsfunksjon og elektronisk turistinformasjon**

#### **Ivaretaking av Fjord kommune sine forplikningar ihht. avtale med Destinasjon Ålesund-Sunnmøre**

Fjordhagen AS er kontaktperson mellom kommunen og DÅS og har ansvaret for å gje DÅS oversikt over aktuelle reiselivsbedrifter i kommunen, legge til rette for næring- og produktutvikling i Fjord kommune og oppretthalde eit tilfredstillande system for innsamling og overføring av nødvendige oversikter over kommunen sine attraksjonar, aktivitetar og øvrige publikumstilbod.

Fjordhagen AS har ansvaret for korrekturlesing av tekst på ikkje-kommersielle attraksjonar på heimesidene [www.visitalesund.com](http://www.visitalesund.com)

#### **Drift og utvikling elektroniske infoskjermer**

Elektroniske infoskjermer er eit spleiselag mellom kommunen og Fjord næringsforum der næringsforumsbedriftene betalar for system/drift av skjermer og kommunen gjennom Fjordhagen AS oppdaterer infoskjermane med innhald. Det er i dag 14 elektroniske infoskjermer kring på næringsforumsbedrifter i kommunen. Lag og organisasjonar får publisert sine plakatar gratis.

### **11.3 Næringsfondet**

Fjord kommune sitt næringsfond er i hovudsak basert på årlege konsesjonsavgifter som vert innbetalt av Tafjord Kraftproduksjon AS og Rauma Energi Produksjon AS, samt renter og anna avkastning. Totalt vart det innbetalt kr. 3.424.815,- i konsesjonsavgifter til næringsfondet i 2022.

Disponering vert gjort gjennom den årlege budsjetthandsaminga, der ein andel av den totale ramma vert disponert til bedriftsretta tiltak, som igjen er styrt av vedtekter og retningslinjer for næringsfondet. Desse vart første gong vedtekne i sak 18/20, og gjennom ei rullering i 2021 vart dei justerte vedtektene og retningslinjene vedtekne i K-sak 111/21.

Fondet er disponert til næringsutvikling gjennom Fjordhagen AS og Vekst i Fjord. Vekst i Fjord gjer i all hovudsak vedtak om tilskot frå fondet.

## 12 HELSE, OMSORG OG VELFERD

Omhandler følgjande tenesteområde:

- Helsetenesta
  - fysioterapi, ergoterapi
  - psykiatri
  - psykolog
  - helsestasjon
  - jordmor
  - legeteneste - legevakt
  - sosialteneste
  - NAV
  - barnevern
- Omsorgstenesta
  - institusjonsteneste
  - nu- og habiliteringsteneste
  - heimebaserte tenester
  - aktivitetstilbod

Økonomisk resultat pr eining <b>HELSE</b>	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Forbruk %	Meirforbruk (+) Mindreforbruk (-)
Felles admin. HPO	807 341	890 601	90,7	- 83 260
Forvaltning & koordinering	1 601 995	1 573 273	101,8	28 722
Kommuneoverlege	695 931	577 038	120,6	118 893
Fjord legekantor	7 746 072	6 913 590	112,0	832 482
Legevakt, ØHD, nødnett	3 467 470	3 560 000	97,4	- 92 530
Fjord helsestasjon	1 369 688	1 831 307	74,8	- 461 619
Psykiatri	4 418 247	4 451 526	99,3	- 33 279
Psykolog	4 995	279 291	1,8	- 274 296
Jordmor	304 428	312 861	97,3	- 8 433
Fysio-/Ergoterapi	2 627 128	2 609 687	100,7	17 441
Barnevern	3 865 829	2 940 000	131,5	925 829
Sosialtenesta-NAV	2 070 258	2 550 000	81,2	- 479 742
Flyktingetenester	- 3 293 799	-	-	- 3 293 799
<b>Sum</b>	<b>25 685 583</b>	<b>28 489 174</b>	<b>90,2</b>	<b>- 2 803 591</b>

Økonomisk resultat pr eining <b>PLEIE OG OMSORG</b>	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Forbruk %	Meirforbruk (+) Mindreforbruk (-)
Stordalstunet	15 161 721	14 697 445	103,2	464 276
Heimetenesta Stordal	2 762 598	2 655 474	104,0	107 124
Dagsenter demente	31 511	322 416	9,8	- 290 905
Valldal sjukeheim	23 665 355	23 871 772	99,1	- 206 417
Heimetenesta Nord	11 338 349	9 655 337	117,4	1 683 012
Heimetenesta Sør	6 374 371	6 175 241	103,2	199 130
Habilitering Stordal	12 341 129	9 050 460	136,4	3 290 669
Habilitering Valldal	11 687 362	9 918 680	117,8	1 768 682
Glimt aktivitetssenter	996 678	791 327	126,0	205 351
<b>Sum</b>	<b>84 359 074</b>	<b>77 138 152</b>	<b>109,4</b>	<b>7 220 922</b>

Helse omsorg og velferd har også i 2022 vore prega av Covid19-pandemien. Det har blitt lagt ned mykje ressursar på smitteverntiltak, vaksinasjon og testregime. Helsepersonellet har gjennomført ein stor innsats.

1. kvartal var det mykje Covid-relatert frávær blant personalet.

Tenestene merkar at det er auka behov til ressurskrevjande brukarar. Oppgåveforskyvinga frå spesialisthelsetenesta til kommunehelsetenesta krev stadig auka innsats. Eininga har fått tilført nye og utvida ansvar som rådgjevande eining for russaker, barnekoordinator og oppfølging av pasientgrupper som tidlegare var fylgt opp av spesialisthelsetenesta. Dette utfordrar ein liten organisasjon både fagleg og i forhold til tilgjengelege ressursar.

Rekruttering av helsepersonell er ei stor utfordring. Helsepersonell som sjukepleiarar og personell med fagbrev er utfordrande å skaffe til tenestene. Det vart tilsett kommunepsykolog. Dette er ei stilling som har vore særskild krevjande å rekruttere til. Vidare vart det tilsett demenskoordinator. Demenskoordinatorstillinga er ein viktig brikke for å utvikle tilbodet for personar med demens som er heimebuande og deira pårørande.

Fjord kommune fekk utsett innføringsdato for Helseplattformprosjektet. Dette medførte at ein i ei periode omdisponerte ressursar frå prosjektet til drift. Etter dette har innføringsaktivitetane fortsett med mål om oppstart i november 2023. Fjord kommune har vore ei av pilotkommunane for Tørnprosjektet. Prosjektet er i regi av KS. Målet er nytte ressursane i helse og omsorgstenestene betre. Blant anna å nytte ei anna oppgåvefordeling slik at kompetanse til personalet blir nytta rett for å gi eit best mogleg tilbod til innbyggjarane.

Sjukefrávær hos tilsette i tenesteområdet utfordrar drifta i enkelte einingar, og dette vert det jobba spesielt med i enkelte avdelingar. Kommunen deltek i prosjektet HelseSamarbeid som har som mål å redusere sjukefrávær. Fleire einingar har delteke i arbeidet med «Ein god dag på jobb» Det er fortsett variasjon i sjukefrávær mellom dei ulike einingane men ein trend med lågare sjukefrávær i løpet av året.

Krigen i Ukraina medførte behov for mottak av personar på flukt. I 2022 har ein etablert ei flyktingteneste i kommunen. Dette kravde ein betydeleg innsats frå tenestene i månadane etter krigsutbrotet. Innbyggjarane viste også ei imponerende vilje til å delta i integreringsarbeidet til dei flyktingane som kom til kommunen.

## 12.1 Helseavdelinga

Helsetenesta skal gi innbyggjarane i kommunen nødvendig helsehjelp, både førebyggjande og kurativt. Eininga omfattar helsestasjon- og skulehelseteneste, jordmorteneste, legeteneste, psykisk helseteam.

Tenestene dekkjer heile Fjord kommune. Legane deltek også i interkommunal legevakt.

### **Drift 2022**

Det var fortsatt ekstra oppgåver med koronavaksineringsarbeidet.

Ein av fastlegane sa opp stillinga si frå 1. november 2022. To fastlegevikarar inne for legar i foreldrepermisjon.



Helsestasjonen har fått på plass faste trefftider på dei tre skulane i kommunen med prosjektmidlar. Skulehelsetenesta er styrka med ei stilling med desse midlane. Det er også drift av helsestasjon for ungdom, HFU, i samarbeid med jordmor. Alle stillingane er besett av godt kvalifiserte personale.

Psykolog tilsett frå 1. januar 2022, som gir god fagleg styrke til psykisk helseteam og andre grupper.

Avdelinga er på mange fagområder sårbar ved sjukdom og frávær/ferieavvikling. Det er også utfordrande å skape eit godt fellesskap med personale spreidd på fleire lokalitetar.

#### **Vidare mål for verksemda**

Mål 1	Fortsette å yte gode helsetenester i Fjord kommune.
Mål 2	Fortsette å bygge team Fjord helse
Mål 3	Tilsette fastlege

#### **Tiltak for å nå måla**

1. Ha nok personale for å drifte tenestene.
2. Møtepunkt for tverrfagleg samarbeid, og sosiale samankomstar.
3. Arbeide vidare med å rekruttere ny fastlege.

#### **Utfordringar**

Helsehus avd. Stordal, 2. etg spesielt, lokala stettar ikkje dagens krav verken for tilsette eller brukarar.

Personale er spreidd på mange lokalitetar; utfordrande med fagleg fellesskap og drift ved frávær.

### **12.3 Pleie og omsorg Stordal**

I Pleie og omsorg – Stordal ligg Stordalstunet med institusjonskjøkken, Heimetenesta med Heimesjukepleie, praktisk bistand heimehjelp og Dagsenter.

Stordalstunet har 19 institusjonsplassar for eldre med svekka helse, redusert ferdigheit og eit omfattande hjelpebehov med tilbod om korttidsopphald og langtidsopphald der 6 av plassane er tilrettelagt for personar med demens.

Institusjonskjøkkenet gjer i stand mat til pasientane ved institusjonen som sikrar tilrettelagt næringsrik kost og middag til heimebuande som har fått innvilga levering av middag og måltid ved Dagsenteret.

Heimetenesta gir eit særskilt behov for helse og omsorgstenester og praktisk hjelp i heimen slik den enkelte kan bu heime lengst mogleg. Dagsenter gir eit tilbod til personar som bur heime og har behov for tilrettelegging eller hjelp for å kome seg ut og treffe andre og der det er behov for avlastning i heimen.

#### **Vidare mål for verksemda**

Mål 1	Redusere sjukefråver og opprettholde eit godt arbeidsmiljø.
Mål 2	Fleksibel drift, samarbeid på tvers av Heimetenesta og Stordalstunet – bruken av personalressursar og oppgåvedeling
Mål 3	At fleire heimeboande med diagnosen demens i Fjord Kommune skal få auka livskvalitet og bo lenger heime i eigen bolig ved hjelp av tilbod om Dagsenter.



### Tiltak for å nå måla:

Mål 1	Oppfølging av sjukmeldte og fokus på arbeidsmiljø.
Mål 2	Felles turnus for Heimetenesta og Stordalstunet. Kartlegge ressurser og oppgåver.
Mål 3	Auka tilbod om ein open dag i Stordal.

### Drift 2022

Drifta for pleie og omsorg, Stordal, er prega av eit godt samarbeid på tvers av tenestene. Både Stordalstunet og Heimesjukepleia har varierende belegg og arbeidsmengde, og det er ein god kultur å hjelpe kvarandre.

Første månadane var det eit høgt sjukefråvær (11,42 % – 14,8 %), og i snitt høgare enn i 2021. Det har vore fokus på å få ned sjukefråveret, oppfølging av sjukmeldte og oppretthalde eit godt arbeidsmiljø. Sjukefråveret gjekk ned frå juni (4,85 % – 7,54 %).

Det blei i starten av året utarbeida ny grunnturnus der ressursar har blitt brukt på tvers av tenestene som tiltak for å bli meir fleksibel og bruke tilgjengelege ressursar og reduserer lønnskostnader. Resursar frå Heimetenesta har blitt brukt for å få meir stabil drift på Dagsenter. Det har vore auka fokus på at fleire heimebuande i Fjord Kommune skal få auka livskvalitet og bo lenger heime i eigen bustad ved hjelp av tilbod om Dagsenter. Drifta på Dagsenteret har blitt meir stabil etter at det blei meir fast personale satt inn i tenesta. Det har vore vakanse i turnus på grunn av permisjonar, langtidsjukefråvær og oppseiing av sjukepleiestilling på Stordalstunet. Rekruttering til ei av stillingane og lite tilgjengeleg vikarar i tenesta har også gjeve utfordringar. Dette, kombinert med ressurskrevjande brukarar, har medført at det har vore auka behov for å bemanning på kveld, som igjen har medført bruk av overtid for å yte ei forsvarleg teneste.



## 12.4 Pleie og omsorg Valldal - Eidsdal

### Kort skildring av verksemda

Heimetenesta nord har ei avdeling som ligg i Valldal, med 12 bemanna omsorgsbustader med ein person tilstades 24/7. Det er 3 omsorgsbustader på Sagatun og tidlegare Elvetun.

Heimetenesta sør i Eidsdal med 12 bemanna omsorgsbustader og 2 psykiatribustadar . Ved bustadane i Eidsdal kan personalet vere på utrykking på bygda og dei er såleis ikkje bemanna 24/7

I tillegg er det heimebuande. Det er utplassert omlag 40 tryggleiksalarmar, 55 personar som får heimeteneste dei fleste fleire gongar om dagen og 36 som får heimehjelp.

Valldal sjukeheim; 28 Plassar, 8 på skjerma eining av desse er det 1 palliativplass , 5 korttidsplassar og 15 langtids plassar. Det vert gjeve tilbod til brukarar om avlastning, slik at pårørande kan hente seg inn og klarer å ivareta brukaren lengre tid i heimen.

Det er kjøkken som leverer mat til alle 5 bygdene i tidlegare Norddal kommune. Det er matlevering til Eidsdal 3 gongar pr veke. Tørrmat vert servert og delvis laga til av personelet på alle avdelingane. Å ha kjøkken på institusjonen gjer at pasientane får ønske og tilrettelagt kostholdet sitt. Det er tilbod om middagslevering til heimebuande som har behov for dette. Dette er personar som på grunn av sjukdom, alder eller andre årsaker ikkje er i stand til å ivareta ernæringsbehovet sitt.



### Teneste tilbodet

Ein kartlegg kva som er viktig for den enkelte. Målet er at ein skal få behalde eigne ressursar lengst mogleg og oppretthalde sjølvstende for eige liv. Integriteten og verdigheita til den enkelte vert dermed ivareteken. Det er begrensa tilgang til fagpersonar som er ei utfordring. Men det vert likevel gjennomført avansert behandling av brukarar i eigen heim. Samarbeidet på tvers av tenestene er god. I Valldal er det òg eit rom i 2 etg som ikkje kan nyttast til pasientrom, der personar som er heimebuande og treng intravenøs behandling kan kome å få dette. Dermed slepp ein å reise inn til sjukehuset.

Kvart år er ein ny start og ein starta 2022 med optimisme og spenning over at pandemien gjekk mot slutten. Likevel har det vore bølger med Covid-19 slik ein har begrensa besøket i starten på året. Ein ser at det er meir og meir avansert sjukepleie som vert sendt tilbake til kommunen, då liggetida på sjukehuset er kort. Dette gjer at ein må ha god fagkompetanse på alle felt, som kan vere vanskeleg i ei lita kommune. Helsepersonalet har veldig god kompetanse og er fagleg dyktige. Det er viktig å understreke, at dei tilsette er svært fleksible, finn gode løysningar på oppgåver ein må løyse og hjelper kvarandre på tvers av tenestene. Ein har synergieffekt av å ha same leiar i heimetenesta og sjukeheim. Alle tilsette som har redusert stilling, fekk tilbod om å auke stillinga si. Dei som ønskte dette fekk så konkret tilbod om stillingsauke.

Uteområdet vert meir og meir brukt, dette har vorte eit område til glede for dei som bur her. Frivillige og pårørande held hagen i hevd - ei stor takk til dei. Frivillige kjem inn i institusjonen og har underhaldning, det har vore til stor glede for dei som bur her. Spesielt i Eidsdal er ein flink til dette og ein må gje stor ære alle frivillige som stiller opp.

## Utfordringar

Den største utfordringa er mangel på kvalifisert personell. Også dette året har det vore tilgang på studentar som har vore heime og pensjonistar som stiller opp. Det har «redda» situasjonen mange gonger. Det å gå underbemanna og utan fag slit på personalet. Nokre pasientar har trengt ekstra ressursar – dette kan vere krevjande både for personalet og dei andre som bur på institusjonen.

Det er fleire som bur heime der ein må ha to personar i stellsituasjon, noko som krev auka bemanning. Dette ser vi igjen på overforbruk på budsjett, noko som ikkje kunne vore handtert annleis. Ein har òg utfordringar med ein eldre arbeidstokk og mange vert snart pensjonistar. Langtids sjukefråvær hos tilsette har vorte redusert på dei fleste avdelingane, men dette er framleis ei stor utfordring. Særskild på ei avdeling ser ein eit stort forbruk av overtid og bruk av vikarbyrå for å dekke opp med fagkompetanse. Det er mange som har fulle stillingar som gjer at det utløyser overtid om ein treng ekstra personell, når det ikkje er vikarar tilgjengeleg.

## Måloppnåing

Kompetansen på teknologi er god, og dette kjem pasientane/ brukarane til gode. Det er ønskje om å bidra til at nødvendige endringar vert gjennomført, slik det kan sikre godt og likt pleie- og omsorgstilbod til alle i Fjord kommune. Tørn prosjektet er jobba med i heimetenesta og dette kan gjere at det vert jobba smartare på nokre område. Sjukefråveret er redusert på dei fleste avdelingane.

## 12.5 Habilitering

Fjord Habilitering gir praktisk hjelp, personleg hjelp og målretta miljøarbeid i heimen til menneske med nedsett funksjonsevne, og har som mål å tilby fagleg forsvarlege tenester etter gjeldande lovverk og forskrifter. Den enkelte sitt behov vert ivareteke for heilheitleg omsorg gjennom dagtilbod, heildøgnsoppfølging og vegleiing i bustad, støttekontakt, brukarstyrt personlig assistanse, avlastningstilbod og fritidsaktivitetar. Tenestetilbodet sin kvalitet vert sikra med fokus på trivsel og tryggleik for menneske som treng oppfølging og hjelp, tilrettelegging for ein aktiv og sosial kvardag, førebyggjande og behandlande tiltak, samt bruk av tilgjengeleg velferdsteknologi. Førebygge einsemd, skape trivsel, bidra til at brukarane føler meistring i kvardagen, legge til rette for eit aktivt liv og å oppretthalde eit best mogleg funksjonsnivå.

Det er 11 brukarar som får heildøgnsstilbod, 2 som har BPA, samt 9 andre som mottek ei form for teneste med ulikt innhald.



	2021	2022
Tilsette/årsverk	52/31,92	56/38,81
Brukarar	20	22
Vedtak/saker	47	54

### Drift 2022

Fjord Habilitering har hatt auka utgifter i 2022 grunna nye brukarar og auke i vedtak for fleire grunna funksjonsfall. Det er mange ressurskrevjande brukarar i eininga, fleire er svært sjuke med komplekse diagnosar. Behovet for god helsehjelp er stort, det er endeleg lukkast også å dekke opp vakansen på avdelinga i Stordal. Her har det vore eit massivt og krevjande endringsarbeid siste to åra, og no startar resultatane å syne seg. Langvaktturnus har heilt klart hatt sin effekt, i evaluering melder tilsette om at dei er mindre slitne og ingen ønsker å gå tilbake til vanlege vakter. Teamleiar er på plass i Stordal, og dette har skapt ei god ro og stabilitet.

Det vert jobba mykje på tvers av avdelingane i Valldal og Stordal, med fokus på godt samarbeid og gode refleksjonar rundt arbeidet. I 2022 har det vore mykje overtidsbruk, men med oppdekkede vakanser og ein god vikarbase skal det vere langt frå same behovet vidare. Langvakter tiltrekker vikarar som bur utanfor kommunen. I tillegg har ein av brukarane flytta frå privat bustad til omsorgsleilegheit, og her vil ressursane kunne utnyttast på ein mykje betre måte.

### Premissar/måloppnåing

- Langvaktturnus på begge avdelingar, utstrekt grad av individuell tilrettelegging, og nedgang i sjukefråvær i Stordal siste halvdel av 2022.
- Aktivt arbeid med arbeidsmiljø, godt samarbeid mellom avdelingane er positivt.
- Dei som har ønska større stilling gjennom internutlysing har fått dette, og det er så godt som ingen vakanser.
- God fordeling av kompetanse i tenesta, stabilitet og sikkerheit betre.
- Eit stort meirforbruk målt mot budsjett grunna auka vedtak/avtale om brukarstyrt personleg assistent, samt auka bemanning pga. to nye brukarar i heildøgnsbustad.

## 13 TEKNISK, LANDBRUK OG MILJØ

Teknisk, Landbruk og Miljø (TLM) i Fjord kommune er lokalisert i kommunehuset i Stordal, og er samansett av tre avdelingar; plan og miljø, bygg- og kommunalteknikk og reinhald.

I tillegg kjem brann og redning som delvis vert løyst gjennom samarbeid med Stranda kommune.

Stadig nye myndigheitskrav påverkar «ramma» ein må styre etter og får betydning for både drifts- og forvaltningsoppgåver. Dette er krevjande for ein liten kommune som gjerne vil ha praktiske løysingar framfor lange saksprosessar.

TLM har vore involvert i fleire spennande oppgåver for dette året. Mange planprosessar, mellom anna knytt til Hofseth Aqua AS sitt anlegg i Raudbergvika og nye ferjekaier på Linge og i Eidsdal. Det har pågått planlegging og gjennomføring av ein del investeringsprosjekt. Verksemda har strekt seg etter å løyse oppgåvene på ein god måte, og det er fokus på god dialog med overordna, kommune, fylkeskommune, statsforvaltar og andre instansar.

Ny driftsform og nye oppgåver har hatt fokus. Det har vore innført nytt sakshandsamingssystem knytt til plan, byggesak og oppmåling. Digitalisering og elektronisk sikring av informasjon knytt til bygg, bruer, vegar, VA anlegg er pågåande viktig arbeid

TLM har eit utfordrande bilete knytt til rekruttering, og har gjennom året hatt fleire vakansar for kortare eller lengre periodar. Generasjonsskiftet er tydeleg, og tilsette i ei rekke stillingar som vil gå ut med pensjon innan kort tid, innanfor alle områda i TLM. I løpet av 2022 gjekk tre tilsette av med pensjon etter fleire tiårs teneste i kommune. Desse tek med seg mykje kunnskap når dei går av. Det har vore vanskeleg å få inn nytt mannskap og dette har delvis vore løyst gjennom pensjonistavtalar.

Økonomisk resultat pr eining TEKNISK LANDBRUK MILJØ	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Forbruk %	Meirforbruk (+) Mindreforbruk (-)
Felles administrasjon TLM	400 081	1 121 434	35,7	- 721 353
Bygg og komm.teknikk	1 160 889	2 281 971	50,9	- 1 121 082
Teknisk drift, vedlikehald	6 654 393	4 815 103	138,2	1 839 290
Felles ansvar maskinpark	412 019	1 048 000	39,3	- 635 981
Kommunale vegar, gatelys	7 286 464	4 738 400	153,8	2 548 064
Off.områder, park, kai	49 789	147 000	33,9	- 97 211
Plan,byggesak,oppmåling	1 595 816	2 361 564	67,6	- 765 748
Landbruk,skog,miljø	797 562	1 614 595	49,4	- 817 033
Jakt og vilt	31 400	30 750	102,1	650
Brannvern	6 243 491	5 396 276	115,7	847 215
Renovasjon	165 278	- 198 000	- 83,5	363 278
Vatn	- 2 201 489	- 2 062 000	106,8	- 139 489
Avløp	- 1 777 381	- 1 839 000	96,6	61 619
Slam	- 78 389	- 51 000	153,7	- 27 389
Feiing	- 68 005	- 83 001	81,9	14 996
Mynd.utøvelse Forurensingslova	- 71 414	- 148 000	48,3	76 586
Fjernvarme,distr.nett	- 725 364	- 690 000	105,1	- 35 364
<b>Sum</b>	<b>19 875 140</b>	<b>18 484 092</b>	<b>107,5</b>	<b>1 391 048</b>

<b>Økonomisk resultat pr eining BYGG</b>	<b>Rekneskap 2022</b>	<b>Budsjett 2022</b>	<b>Forbruk %</b>	<b>Meirforbruk (+) Mindreforbruk (-)</b>
Reinhold komm.bygningar	8 029 696	7 660 020	104,8	369 676
Skulebygg, barnehagar	2 412 467	2 649 000	91,1	- 236 533
Idrettshallar, kulturbygg	916 583	876 000	104,6	40 583
Admin-,forr.bygg,utleigebygg	1 626 020	1 389 500	117,0	236 520
Lager-,service-,oa.bygg	- 563 504	- 1 048 100	53,8	484 596
Sjukeheimar,omsorgsbustadar	3 489 678	3 220 400	108,4	269 278
<b>Sum</b>	<b>15 910 940</b>	<b>14 746 820</b>	<b>107,9</b>	<b>1 164 120</b>

## 13.1 Bygg og kommunalteknikk

### Kort skildring av verksemda

Avdelinga har slikt hovedansvarsområde.

- drift/vedlikehald kommunale bygningar
- kommunale vegar (inkl. brøyting, strøing, bruer, gatelys og stikkrenner)
- offentlege plassar, grøntområde, kaier
- drift av Tafjordbadet
- vatn og avløp (renseanlegg, pumpestasjonar og ledningsnett)
- ledningskart
- slamtømming
- renovasjonstenester i samarbeid med Årim
- utsleppsaker
- kommunale køyretøy
- oppfølging av investeringsprosjekt
- 

### Kommentar til drifta

Starten på 2022 var prega av fleire større ras/flaumhendingar som medførte skade på kommunale vegar. Mellom anna ras i Tafjorden med påfygjande opprydding.

Det er sett i gang eit arbeid for auka digitalisering/systematisering for for avdelinga sine ansvarsoppgåver. Det vart anskaffa digitalt FDV-system mot slutten av 2022. Viktig at dette blir arbeidd vidare med.

I tillegg til ordinær drift, har det vore arbeidd med gjennomføring av investeringsprosjekt. Nemner særleg brannstasjon Stordal, kulturskulelokaler Stordal, rehabilitering betong ved svømmebasseng Stordal, ombygging omsorgsbustad Simamarka, rehabilitering leilegheit Roa, søppelskur omsorgsbustader, fullføring av Hjellevengen, VA-anlegg og fjernvarme Skulebrauta, utskifting stikkrenner, rassikring Dalsbygda barnehage. Eidsdal skule, Syltebøen barnehage og lokalitetar for helsebygg Stordal har vore under planlegging.

### Sjølvkost

I tabellen ovanfor går alle sjølvkostområda (VAR,slam,feiing,mynd.utøving Forurensingslova) med eit mindreforbruk. Det er utarbeida rettleiing for korleis bokføringa kring sjølvkostberekningane skal/bør gjennomførast. Kommunen har eige sjølvkostrekneskap som blir utarbeida i samarbeid med Envidan AS, der sjølvkostområda blir regulert ved hjelp av avsetnad eller bruk av fond. Status for dei einskilde sjølvkostområda er spesifisert i note.



## Premiss/måloppnåing

- Budsjettet for 2022 har kun hatt rom for nødvendige driftsoppgåver. Lite rom for vedlikehald og oppgraderingar av bygningsmasse. Driftsbudsjett for veg var for lavt, og avsette mildar er brukt. Det er utført litt vegetasjonsrydding, litt nødvendig grøfterensk og kantslått. Ikkje alle områder har hatt kantslått i 2022. Det er utført reasfaltering på nokre vegstrekk, behovet er langt større.
- Løysing av lovpålagde tilsynsoppgåver har hatt prioritet, og såleis gått føre ein del vedlikehaldsoppgåver. Utbetring av avvik etter kontroll av heiser, leikeplassar og nødlisanlegg har hatt fokus.
- Budsjetterte investeringsprosjekt. Fleire prosjekt har vore under planlegging/gjennomføring. Kapasitet hjå administrasjon og budsjett er begrensingar for gjennomføring



Ny veg til Hjellane i Eidsdal

## 13.2 Plan og miljø

### Kort skildring av verksemda

- Rådgjeving, forvaltning og handsaming av saker etter plan- og bygningslova og anna lovverk
- Landbruksrelaterte oppgåver og tenester
- Oppmåling, kart og matrikkel
- Areal- og samfunnsplanlegging.

### Kommentar til drifta

Det har gjennom året 2022 vore endringar i høve til personale og kapasitet på visse fagområde. To på plan har slutta i løpet av året. Det vart tilsett ein ny planlegger i byrjinga av juni. På byggesak gjekk byggesakshandsamar av med pensjon på slutten av året. Stilling som byggesakshandsamar vart lyst ut. I tillegg vart det gjort endringar på landbruk då tilsett med 50% stilling på landbruk gjekk over til anna stilling i kommunen På hausten vart det

tilsett eit 40% vikariat for å ta unna ein del saker på landbrukssektoren. Vikariatet på landbruk varer ut våren 2023.

Plan og Miljø er ei lita avdeling med 5-6 tilsette. Lite fagmiljø gjer at ein er avhengig av stabil arbeidskraft og god kompetanse på dei tilsette. Det er såleis ikkje optimalt med høg turnover på avdelinga, då dette reduserer kapasiteten då det tek tid på å få personell til å komme inn i jobben. Det tar også tid å rekruttere nye medarbeidarar, noko som medfører vakante stillingar i periodar. Fokus i 2022 har difor vore å løyse lovpålagde oppgåver, og få hjula til å gå rundt på avdelinga.

### Premiss/måloppnåing

Mål 1	Framstå som løysingsorientert, med lav saksbehandlingstid. <ul style="list-style-type: none"> <li>Saksbehandlingstida på avdelinga held seg i stor grad innafor lovpålagte fristar, sjølv om det er rom for forbetring spesielt i kompliserte saker og saker som treng behandling etter fleire lovverk av ulike saksbehandlarar.</li> <li>For god måloppnåing er det naudsynt med tilstrekkeleg kapasitet på avdelinga slik at saksbehandlarar kan kome med rettleiing og rådgjeving i tidleg fase.</li> </ul>
Mål 2	Auke sjølvhjelpsgraden ved at innbyggjarar kan få meir av det dei treng på heimesida utan å måtte kontakte kommunen. <ul style="list-style-type: none"> <li>Heimesida har vore oppdatert og utfyllt i fleire omgangar ila året for å auke sjølvhjelpsgraden. Det har også vore mykje arbeid lagt inn i å få opp det digitale planregisteret. Dette er eit kontinuerleg arbeid og vi er ikkje i mål, men det er forbetring.</li> </ul>
Mål 3	Meir digitalisert søknads- og behandlingsprosess, spesielt for byggesak. <ul style="list-style-type: none"> <li>Modulen Acos Eiendom er teke i bruk for saksbehandling innan plan, byggesak og oppmåling. Ein opplever at det er med å sikre betre rutinar og oversikt, samstundes som det har kravd tid å ta i bruk det nye verktøyet og justere modulane til vår verksemd.</li> </ul>

### 13.3 Brann og redning

Fjord har brannstasjon i Eidsdal, Valldal og Stordal med 50 brannmannskap og har vore organisert under brannsjef.

Stranda og Fjord har inngått ein samarbeidsavtale for brann og redning, der det er felles brannsjef, brannmester og branninspektør. Mannskap, brannbilar/utstyr og brannstasjoner er den enkelte kommune sitt ansvar. Det vart tilsett personell i desse stillingane i løpet av 2022, og desse har tilført ein betydeleg kompetanseauke mot dette fagområdet. Året har vore ein overgangsfase frå gamal til ny ordning. Lars Kjell Smoge hadde funksjon som brannsjef til 01.05.22, samt oppfyljing av Fjord kommune sine brannmannskap ut 2022.

Brannøvingar og lovpålagde testar gjennomført som planlagt. Det same gjeld kontroll av køyretøy og utstyr tilhøyrande brannvesenet.



Det er vidare gjennomført branntilsyn ved mange bygg. Dette gjeld både kommunale bygg samt næringsdrivande.

Etter lang prosess kom endeleg arbeidet med bygging av ny brannstasjon i Stordal i gang og har pågått gjennom 2022, med ferdigstilling våren 2023. Til arbeidet har vore innleigd bistand frå ekstern prosjektleiar i ART arkitekter, men avtroppande brannsjef samt to frå brannmannskap har vore med i arbeidsgruppe der det har vore teke stilling til val av løysningar og brukartilpassing undervegs. Brannstasjon vert mellom anna utstyrt med vaskehall, møterom, trimrom, samt tilpassa til nye krav om rein/skiten sone. Vaskerom blir utstyrt med vaskemaskiner for vask av brannklede og kan også betene vask for stasjonane i Valldal og Eidsdal. Brannvesenet ser veldig fram til å kunne ta ny stasjon i bruk, då dette vil gje heilt andre fasilitetar enn det som har vore tidlegare.

Fjord har tilsett feiar som har vore under opplæringskontrakt med Stranda kommune, feievesenet, som er godkjent lærebedrift. Saman med feiarane i Stranda har det vorte gjennomført feiing av ein del bustadhus. I 2022 vart der teke til med feiing/tilsyn av fritidsbustader i Fjord kommune. Dette er eit omfattande arbeid med så mange fritidsbustader som tidlegare ikkje har vore feia.

## 13.4 Reinhold

Ansvarsområdet strekkjer seg frå dagleg reinhold og vaskeriteneste for helseinstitusjonane, samt periodisk reinhold og golvbehandling i dei ulike bygga.

### **Kort skildring av verksemda**

- Reinhold er ei avdeling i teknisk, landbruk og miljø, som vert styrt av koordinator i 60 % stilling med støtte frå kommunalsjef/personalsjef
- Reinholdet vert utført i skular barnehagar, institusjonar, administrasjon- og helsebygg. Vi har også reinhold i næringshagen, i aktivitetssenteret sine lokaler og i servicebygg med offentlege toalett.
- Reinhold står for innkjøp til alle bygg innan forbruksmateriell, reinhaldsartiklar, tørk mm.

### **Kommentar til drifta**

Nokre av areala som vert reingjort er lagt inn i reinhaldsplanar slik at reinhold vert utført etter avtalt frekvens og kvalitetsnivå. Andre områder vert reingjort etter fleire års erfaring, og med god dialog ute i einingane. Kommunen har gjeldande reinhaldsplanar, men ein ser stadig behov for oppdatering etter kvart som bruken av kommunale bygg endrar seg. Koordinator har hatt mykje fokus på kjøp av rett type reinhaldsutstyr og forbruksmateriell.

Det er utfordrande å kome til, og gjere reinhold på ein rask og effektiv måte i lokalitetar som skular og barnehagar. God planlegging hjelper på, og med ekstra utfordringar knytt til Covid-19, var det heilt nødvendig med koordinering ute i eininga. Det er vist stor vilje frå dei ulike einingane til samhandling.

Vaskeritenestene har vore til vurdering, og blir sett i samanheng med mogelege innsparingstiltak

### **Premiss/måloppnåing**

Rekruttering av personell med rett erfaring/kompetanse er krevjande. Reinholdspersonell med fagbrev er vanskeleg å rekruttere.

Dette behovet er no delvis løyst med vikariat, og tilbod om auka stilling slik at vi kan halde på kompetansen i avdelinga.

Bruk av rett type utstyr og reinholdsprodukt er viktig for både resultat og økonomi.

Koordinator har fokus på dette.

## **14 KONGEBESØK**

Kong Harald og Dronning Sonja kom på besøk til Fjord kommune tysdag 30. august 2022.

Dette var først stopp på kongeparet sitt fylkesbesøk i Møre og Romsdal og det var kongeparet sitt første offisielle besøk i Fjord kommune.

Kongeparet kom sjøvegen med sjalupp frå Kongeskipet Norge og gjekk land på Syltetorget i Valldal klokka 1030. Det var korpsmusikk, sol og blå himmel og stille fjord, ei perfekt ramme for den store dagen. Kongeparet var tatt i mot av hamneansvarleg Trond Alstadsæter, ordførar Eva Hove og blomsterbarna Odin og Johanne.

Det var sett opp eit rikhaldig og variert program for å presentere kommunen, med folkedans, musikkinnslag frå scena og eit stort felleskor av alle skuleelevane. Kongeparet fekk helse på mottakarar av Kongens Fortenestemedalje i Fjord, mellom anna Nikka Myren Grønning som fekk medaljen sin våren 2022 og som straks inviterte Kongen på besøk sidan ho sjølv ikkje var så «flakkefør»! Næringslivet presenterte seg med stands og smaksprøver av lokalmat som brunost-is, Valldalsjordbær og røykalaks. Alle skulane og barnehagane i kommune var til stades, det same var institusjonane og det var elles mange som møtte opp og laga ein stor folkefest i det strålende veret. Kongeparet sat i stolar med kommunelogo, spesiallaga for dagen av Sitwell og Stordal Møblar. Dronninga heldt tale der ho takka for velkomsten og omtalte verdsarvkommunen Fjord som noko av det «vakreste vi har»! Ho viste at ho er kjent med kommunen vår når ho omtalte lokalhistoria og drog fram minne frå dei mange turane ho har gått til fjordgardar og i fjellområda våre. Dronninga gav honnør til pågangsmot, innsats, fellesskap og dugnad og sunnmøringar som eit handlekraftig folkeferd!

Stort presseoppbod av både lokale og landsdekkande media førte til god medieomtale av kommunen. Tilsette i kommunen organiserte besøket og var engasjerte som vakter. Etter at kongeparet reiste var det etterlag med servering av kake og underhaldning på Syltetorget. Vi såg at Kong Harald og Dronning Sonja vinka farvel til oss når kongeskipet segla vidare, og er takksam for at dei kom på besøk til oss!

Kongebesøket vart ein strålende dag for minneboka i Fjord kommune.



Foto: Storfjordnytt